Sogn SPAREBANK

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2023



Innhald

3. Utvikling siste 12 månader
4. Banksjefen har ordet
13. Eigarstyring og selskapsleiing
22. Resultat- og balanserekneskap 2023
25. Eigenkapitaloppstilling
27. Kontantstraumoppstilling
29. Notar
92. Revisjonsmelding
96. Tillitsvalde i Sogn Sparebank
100. Nøkkeltal

Utvikling siste 12 månader

7,8 MRD
Forvaltningskapital (7,2 MRD)

92,3 %
Innskotsdekning (94,1 %)

4,6 %
Utlånsvekst (inkl. EBK) (1,1 %)

50,24 %
Kostnadsprosent (52,8 %)

162
Børskurs (134)

1 029 MNOK
Eigenkapital (966 MNOK)

5,9 MNOK
Gåvemidlar (4,4 MNOK)

43 ÅR
Snittalder (44 år)

38,2
Årsverk (35)

115,4 MNOK
Driftsresultat før tap
(90,8 MNOK)

Banksjefen har ordet

Fjoråret var eit år med stigande renter og høg prisstiging i Noreg. Dette påverkar både verksemder og enkeltmenneske, og mange har hatt behov for ei økonomisk omstilling. I slike krevjande tider skal kundane lite på at lokalbanken vil deira beste, og at me er tilgjengelege når dei har behov for rådgjeving. Vårt fokus har vore og er å sjå kvar enkelt kunde og medverke til at ein finn løysingar som er berekraftige over tid.

Kundane sine behov, krav og forventningar endrar seg, og det er viktig at me som lokalbanken i Sogn også utviklar oss i takt med samfunnet. Me veit at det ikkje er kvar dag kundane treng finansiering til nytt hus, bil eller båt – men kvardagsbanken på digitale flater må fungere døgnet rundt. Mange vil finne ut av ting sjølv, og då må me ha gode digitale løysingar. Sogn Sparebank har i 2023, saman med dei andre bankane i Eika, flytta over på ny dataplattform. Dette gjev oss mogelegheiter til å betre møte framtida sine krav både med omsyn til effektiv drift og framtidsretta banktenester. Dette var ein stor jobb som i periodar involverte dei fleste av dei tilsette i banken.
I månadane før overgangen til nytt system var halvparten av banken sin arbeidsstokk opptekne med å legge til rette for nytt system medan den andre halvparten heldt oppe drifta av banken. Dette viser tilsette som tek både ansvar og tek i eit tak når det gjeld. Ei stor takk til alle som bidrog og samstundes synte engasjement for endring og utvikling.

Eika Gruppen er ein viktig bidragsytar til ein effektiv og lønnsam bankdrift for alliansebankane, og i 2023 har dei gjort viktige selskapsmessige endringar som skal kome bankane og kundane til gode. Eika Kredittbank og Sparebank1 Kreditt samlar sine verksemder i eitt selskap. Eika Forsikring AS og Fremtind Forsikring inngjekk i desember ein intensjonsavtale om å slå saman dei to selskapa, og avtalen blei endeleg vedteken i januar 2024. Dette vil bidra til at kundane vil få eit betre og meir konkurransedyktig forsikringstilbod.

Medarbeidarane våre er det viktigaste verktøyet me har for å lukkast. Me er ein kompetansearbeidsplass i Sogn og det er viktig for oss å ha eit mangfald blant våre medarbeidarar med omsyn til både kjønn, geografi, alder og kompetanse. På denne måten kan me spegle kundane i livet sine mange fasar. Eg er overtydd om at motiverte medarbeidarar med både lokalkunnskap og fagkunnskap er den beste måten å sikre ein framtidig relevant finansinstitusjon som vert opplevd som ein nær, sutalaus medspelar.

Banken skal halde fram med å vere synleg for kundane våre og lokalsamfunna i Sogn. Dette lukkast me med ved å stimulere til aktivitetar og verdiskaping, og vere ein god partnar for privatkundar og verksemder. Det er difor gledeleg at resultatet for fjoråret gjev oss mogelegheit til å auke summen me deler ut til gode føremål i lokalsamfunna. Gjennom Sogn Sparebank sitt gåvefond

set me fokus på barn og unge, folkehelse og berekraft. Samarbeid er nøkkelen til suksess, og me har alltid ei open dør for lag og organisasjonar, eldsjeler og gode innspel til korleis banken kan bidra til at Sogn vert ein endå betre plass å bu og vekse opp i.

Mads Indrehus,
Administrerande banksjef Sogn Sparebank

Leiinga

MADS ARNFINN INDREHUS
Administrerande banksjef
Fødd: 1967

GUNNAR SKAHJEM
Assisterande banksjef
Fødd: 1962

INGEBORG INDRELID
Leiar Stab
Fødd: 1983

ALEXANDER DVERGSDAL
Leiar privat- og bedriftsmarknad
Fødd: 1978

RAGNHILD SKAHJEM TOFASTRUD
Leiar komm. og kundeopplevingar
Fødd: 1986

Styret

KRISTINE GRØNNER OHNSTAD
Styreleiar
Fødd: 1970
Arbeidsstad: Haugen Gardsmat Drift AS

SINDRE WERGELAND
Nestleiar
Fødd: 1994
Arbeidsstad: Forlagshuset Vigmostad & Bjørke AS

KÅRE MENTZ LYSNE
Styremedlem
Fødd: 1961
Arbeidsstad: Helse Førde

ATLE TERUM
Styremedlem
Fødd: 1962
Arbeidsstad: Tall AS

MARIT RØYRVIK ELDEGARD
Styremedlem
Fødd: 1980
Arbeidsstad: Bluetec Vest AS

GRETHE HJETLAND
Styremedlem
Fødd: 1960
Arbeidsstad: Agio Holding AS

OLAV VIKØREN
Styremedlem
Fødd: 1967
Arbeidsstad: Validér AS

MARIANNE SUNDAL
Tilsetterepresentant
Fødd: 1982
Arbeidsstad: Sogn Sparebank

HALVOR LARSEN
Tilsetterepresentant
Fødd: 1964
Arbeidsstad: Sogn Sparebank

Eika Alliansen - eit av dei viktigaste bidraga til norske lokalsamfunn

Sogn Sparebank er aksjonær i Eika Gruppen AS. Eika Alliansen består av rundt 45 lokalbankar, Eika Gruppen og Eika Boligkreditt, og har ein samla forvaltningskapital på om lag 480 milliardar kroner og 2 500 tilsette. Dette gjer Eika Alliansen til ein av dei største og viktigaste aktørane i den norske bankmarknaden.

Alliansebankane styrkar lokalsamfunnet

Med moderne digitale kunde-løysingar og dyktige rådgjevarar med eit personleg engasjement for kundane sine og lokalsamfunnet, gjev me unike kundeopplevingar og byggjer sterke lokalbankar med høg tillit. Lokalbankane i Eika Alliansen bidreg til økonomisk vekst og tryggleik for privatkundar og lokalt næringsliv.

Eika Gruppen sikrar lokalbankane

Alliansen si kjerneverksemd er å sikre lokalbankane moderne og effektiv bankdrift gjennom gode og kostnadseffektive produkt- og tenesteleveransar. Leveransane inkluderer ei komplett plattform for bankinfrastruktur inkludert IT og betalingstenester, i tillegg til samhandlings- og kompetanse-verktøy for bankane sine tilsette og kundar. Eika Kundesenter og Eika Servicesenter leverer tenester som sikrar betre kundeservice gjennom auka tilgjengelegheit og effektiv kommunikasjon.

Bankane sine behov for å utvikle gode og sikre digitale løysingar for kundane, og for å imøtekome aukande regulatoriske krav er både krevjande og kostnadsdrivande. Difor har Eika og alle bankane i alliansen bytt kjernebanksystem frå danske SDC til Tietoevry. Dette vil gje alliansebankane og kundane betre løysingar og meir kostnads-effektiv utvikling av nye løysingar samanlikna med tidlegare.

I 2023 gjekk Eika Kredittbank inn i ein avtale om fusjon med Sparebank1 Kreditt, og Eika Forsikring ein avtale om å slå seg saman med Fremtind Forsikring. Etter planen, og gitt myndigheitene si godkjenning, vil desse selskapa bli fusjonert i 2024 og bankane i alliansen vil vere eigarar av og distributørar av produkt frå dei to samanslenge selskapa. Dette er gjort for å styrke dei to selskapa sin konkurranse-kraft som også vil bidra til å styrke lokalbankane.

Eika Boligkreditt sikrer langsiktig og stabil finansiering

Hovudføremålet til Eika Boligkreditt er å sikre lokalbankane tilgang til langsiktig og konkurransedyktig finansiering. Føretaket er direkte eigd av 59 norske lokalbankar og OBOS. Eikabankane får dermed tilgang på langsiktig og svært gunstig finansiering, og kan opprett-halde konkurransekrafta mot større norske og internasjonale bankar. Med ein forvaltningskapital på vel 120 milliardar kroner (pr Q3 2023), er Eika Boligkreditt ein avgjerande bidragsytar til at lokalbankane oppnår redusert finansieringsrisiko og kan oppretthalde konkurranse-dyktige vilkår på sine bustadlån. Ved utgangen av 2023 har Sogn Sparebank finansiert 768 mill. kroner i Eika Boligkreditt AS, og har ein eigarpost i selskapet på 1,04 prosent.

Den norske økonomien i 2023 og framover

I 2023 var økonomien prega av store skilnadar i næringsutvikling, med ein beskjeden BNP-vekst for Fastlands-Noreg, svakt stigande arbeidsløyse og vedvarande høg inflasjon som resultat.

BNP-veksten i Fastlands-Noreg vert rekna til om lag 1 prosent, ned frå 3,8 prosent vekst året før. Privat konsum (-1 prosent) hadde ein historisk sjeldan nedgang, medan oljesektoren svinga seg opp til sterk investeringsvekst. Dei rause investeringspakkane frå regjeringa under koronatida bidrog til sterk investeringsvekst i oljerelaterte næringar i både 2023 og 2024. Motsett er det venta at bustad-investeringane kjem til å falle kraftig. Flyktningkrisa bidrog til at offentleg konsum auka med om lag unormalt sterke 2,5 prosent i 2023.

Arbeidsmarknaden blei i sum relativt stabil, med ein auke i ledigheita målt på NAV opp frå 1,6 prosent i desember 2022 til 1,9 prosent i same månad året etter. Lønnsveksten steig markert i 2023, til om lag 5,5 prosent, etter eit år der reallønns-veksten enda med kraftig nedgang.

Den uvant høge inflasjonen frå 2022 heldt seg overraskande nok høg gjennom 2023, delvis fordi kronekursen svekka seg betydeleg gjennom fjoråret. Kronekursen fell med 4,4 prosent i løpet av 2023. Konsumprisindeksen auka med uventa høge 5,5 prosent, noko som nulla ut eit raust lønnsoppgjer og dermed hindra kjøpekrafta å betre seg for folk flest.

Renteauken og den svake utviklinga for hushaldningane bidrog til at kredittveksten tok gradvis slutt ut gjennom 2023. Ved slutten av året var kredittveksten, mål ved K2-indikatoren, i bedriftene og hushaldningane opp 3,1 og 3,3 prosent i året til november. Ein hardt pressa kommunesektor har likevel i denne perioden ein usedvanleg sterk vekst i låneopptaka sine, på 7,8 prosent. Dette er midlar som truleg blir brukt til bygg og anlegg.

Bustadprisane svinga unormalt mykje i løpet av året med god vekst i første halvår og motsvarande nedgang i andre. Omsetnaden av bustader var marginalt høgre i 2023 enn året før, med ein prisvekst på 0,5 prosent for året samla sett, ifølgje Eigedom Norge.

Tal konkursar auka med 22 prosent dei elleve første månadane av 2023, målt mot same periode i fjor. Bankane sine samla resultat blir sterke fordi eit markert høgre rentenivå bidreg til tilsvarande betring i rentabiliteten til eigen-kapitalen i bankane.

Norges Bank auka rentene frå 2,75 prosent til 4,5 prosent. 3 – månaders NIBOR ser ut til å ha toppa ut allereie i august 2023 på 4,8 prosent. Marknadane byrja å prise inn store rentekutt i 2024, og ved utgangen av året var det prisa inn heile 6 rentekutt i løpet av 2024.

Gjennom heile 2023 har me som lokalbank vore tett på kundane våre, og vore opptekne av å hjelpe dei som har vore ekstra utsett økonomisk. Ved å tilby individuell rådgjeving innan kreditt, sparing og plassering samt forsikring, har banken som mål å finne gode og varige løysingar for kundane.

Rekneskapen for 2023

Sogn Sparebank legg fram eit driftsresultat før tap på 115,4 mill. kroner per 31.12.2023. Resultatet før tap er 24,6 mill. kroner betre enn i 2022.

Resultat av ordinær drift etter skatt er på 85,2 mill. kroner pr. 31.12.2023. Banken har pr. 31.12.2023 kostnadsført nedskrivingar på utlån og garantiar med 8,3 mill. kroner. Utviklinga i rekneskapen viser at tap på utlån og garantiar i 2023 har auka med 1,8 mill. kroner frå 2022.

Soliditeten målt i form av rein kjernekapitaldekning i banken er på 24,25 %, og banken framstår som ein solid og godt kapitalisert lokalbank. Dette har gitt rom for å gjere framlegg om eit utbyte på 15 kroner pr. eigenkapitalbevis, i tråd med utbytepolitikken til banken.

Totalresultatet pr. 31.12.2023 var 77,7 mill. kroner.

Føresetnader for årsrekneskapen

Årsrekneskapen er lagt fram under føresetnad av framleis drift. Styret kjenner ikkje til at det er vesentleg usikkerheit knytt til årsrekneskapen, og kjenner heller ikkje til ekstraordinære tilhøve som har innverknad på vurderinga av banken sitt rekneskap.

International Financial Reporting Standards (IFRS)

Sogn Sparebank legg fram bankrekneskap i samsvar med den internasjonale rekneskapsstandarden International Financial Reporting Standards (IFRS). Rekneskapen viser eitt års samanlikningstal.

Årsresultat

Sogn Sparebank fekk eit driftsresultat før skatt på 115,4 mill. kroner. Driftsresultatet før skatt i 2022 var 90,8 mill. kroner. Eigenkapitalrentabiliteten etter skatt vart 7,8 % i 2023, mot 6,8 % i rekneskapen for 2022.

Ordinært resultat bankdrift etter skatt for rekneskapsåret vart 85,2 mill. kroner. Tilsvarande tal i rekneskapen for 2022 var 67,3 mill. kroner.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto renteinntekter pr. 31.12.2023 var 180 mill. kroner. Tilsvarande tal i 2022 var 134,5 mill. kroner. Rentenetto i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital har auka til 2,4 % i 2023 frå 1,80 % i 2022.

Rentenivået har i 2023 vore aukande. Noregs Bank har auka styringsrenta fleire gonger i løpet av året. Sparebank har som følgje av auken i styringsrenta heva sine renter på innskot og utlån i samsvar med endringane i marknaden, med unntak av siste renteheving i desember 2023 der banken valte å ikkje heve renta.

Banken har betalt 4,5 mill. kroner til innskotsgarantifondet og 0,3 mill. kroner til krisehandteringsfondet i 2023. I 2022 vart det betalt 4,1 mill. kroner til innskotsgarantifondet og 0,3 mill. kroner til krisehandteringsfondet.

Netto andre driftsinntekter

Netto andre driftsinntekter i Sogn Sparebank i 2023 utgjorde 51,9 mill. kroner. Tilsvarande tal i rekneskapen for 2022 var 51,4 mill. kroner. Det er i rekneskapen inntektsført 25,2 mill. kroner i netto avkastning på finansielle investeringar i 2023 mot 23,3 mill. kroner i 2022.

Driftskostnader

Samla driftskostnader for Sogn Sparebank vart i 2023 116,5 mill. kroner. Målt mot gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjorde driftskostnadene 1,53 % i snitt. Kostnader i prosent av totale inntekter ekskl. kursvinst pr. 31.12.2023 er 52,8 %.

Tapskostnader

Banken har gått gjennom låne- og garantiporteføljen, og vurdert den i samsvar med retningslinjer frå Finanstilsynet.

Sogn Sparebank har pr. 31.12.2023 kostnadsført nedskrivingar på utlån og garantiar med 8,3 mill. kroner. Dette er ein oppgang frå 2022 som viste tap på 6,5 mill. kroner. Tapsavsetningane er i all hovudsak knytt til kredittengasjement innan bedriftsmarknaden. Banken gjennomfører fortløpande ein grundig vurdering av utvalde engasjement for å avdekke forventa tap og gjer avsetningar i høve til det. Nærare opplysningar om tap går fram av notar og styret si vurdering under avsnitta kredittrisiko og forventa tapsutvikling.

Verdipapir som blir ført over totalresultatet

Dei største postane over utvida resultat er

Norway Best Group AS, Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Samla verdi på aksjane over utvida resultat har hatt ein verdireduksjon på 7,5 MNOK i 2023, mot ein verdiauke på 37,1 MNOK i 2022. Sjå note 28. Desse aksjane blir ikkje omsett i ein aktiv marknad, og verdivurderinga av aksjane er basert på emisjons- og omsetningskursar, samt banken sine eigne vurderingar.

Disponering av årsresultatet

Styret vil på generalforsamlinga 17.04.2023 tilrå generalforsamlinga å disponera årsresultatet 2023 som følgjer

Årsresultat etter skatt	85,2 MNOK
Utbytte EK bevis	9,5 MNOK
Utjamningsfond	2,2 MNOK
Gåveutdeling	7,5 MNOK
Sparebanken sitt fond	66 MNOK

Styret vil tilrå generalforsamlinga å betala ut 15,00 kroner i utbyte pr. eigenkapitalbevis for 2023.

Resultatet i Sogn Sparebank vert delt høvesvis mellom sparebanken sitt fond og eigenkapital-beviskapitalen. Banken nyttar inngåande balanse for eigenkapitalbevis med tillegg av utjamningsfond ved utrekning av eigenkapitalbevisbrøken. Sogn Sparebank har som mål at minst 50 % av resultatet etter eigenkapitalbevisbrøken vert utbetalt som utbyte, resten vert lagt til utjamningsfondet. Kvart år vurderer styret og generalforsamlinga behov for overføring til gåvefondet.

Balansen

Forvaltningskapital

Ved utgangen av 2023 var forvaltningskapitalen i Sogn Sparebank 7,8 milliardar kroner. I 2022 var den 7,2 milliardar. Vert det teke omsyn til at banken har formidla lån gjennom Eika Boligkreditt AS på til saman 0,8 milliardar kroner, er forvaltningskapitalen pr. 31.12.2023, 8,6 milliardar kroner.

Innskot

Innskota i Sogn Sparebank pr. 31.12.2023 var 5,9 milliardar kroner, ein auke på 292 millionar samanlikna med rekneskapen pr. 31.12.22. Innskot frå personkundar var 4,1 milliardar kroner, medan innskot frå næringslivskundar var 1,8 milliardar kroner. Innskotsdekninga i morbank pr. 31.12.2023 er 91,8 %.

Utlån

Ved utgangen av 2023 var brutto utlån til kundar 6,4 milliardar kroner, det er ein liten auke i høve rekneskapen 2022. Brutto utlån frå personkundar i banken var 5,4 milliardar kroner, medan brutto utlån til næringslivskundar var 1,0 milliardar kroner. I tillegg formidla konsernet 0,8 milliardar kroner i lån til banken sine personkundar via Eika Boligkreditt AS.

Verdipapir

Verdien på banken sine verdipapir til verkeleg verdi over resultatet var ved årsskiftet 281 mill. kroner. Verdipapir til verkeleg verdi over utvida resultat var 330 mill. kroner.

Soliditet

Etter overskotsdisponering for 2023, utgjer eigenkapitalen til banken 1093,3 mill. kroner pr. 31.12.2023.

Kapitaldekning

Pr. 31.12.23 var banken si kapitaldekning 24,25 % mot 24,76 % i høve same periode i fjor. Rein kjerne-kapitaldekning i banken var 24,25 % pr. 31.12.2023 mot 23,66 % pr. 31.12.2022. Banken si kapitaldekning ligg godt innanfor alle regulatoriske krav. Pr. 31.12.2023 gir forholdsmessig konsolidering av Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS ei konsolidert kapitaldekning på 24,67 %. Rein konsolidert kjernekapitaldekning var 23,42 % pr. 31.12.2022.



Risikoeksponering

Drifta av banken er påverka av ei rekke tilhøve, særleg innverknad har rente- og kredittrisiko. Andre større risikoar er likviditets- og kursrisiko i verdipapir. Bankverksemda medfører òg ein operasjonell risiko.

Styret har fastsett rutinar for rapportering om utviklinga på risikoområda. Det er òg utvikla eit eige internkontrollsystem for den totale bankverksemda. Styret har òg fastsett retningslinjer og prinsipp for internkontroll. Administrasjonen har ansvar for å følgje opp den daglege risikostyringa.

Sogn Sparebank har dei siste åra hatt moderat balanse i utlåns- og innskotsveksten. Styret er merksam på risikoen ved høg utlånsvekst, og kva dette kan bety for kapitaldekninga i banken. I tillegg er styret kjend med risikoen ved å vere meir avhengig av å henta finansiering i kapitalmarknaden. Styret har difor sett mål både for kapitaldekninga og likviditeten i banken, og vil gjere tiltak dersom kapitaldekninga og likviditeten kjem under grenser formulert i beredskapsplan.

Finansiell risiko

Banken sin finansielle risiko gjennom året knyter seg til alle finansielle instrument banken er eksponert for, men spesielt til utlån/garantiar og aktivitetar i penge- og kapitalmarknaden. Risiko knytt til utlån og garantiar er omtala i eige avsnitt. Verksemda til banken skal haldast innanfor rammene for moderat risiko som styret har vedteke. Konkretiserte rammer går fram av banken sin finansstrategi. Det er banken si økonomiavdeling som innanfor rammene av finansstrategien er ansvarleg for finansforvaltninga. Økonomiavdelinga rapporterer direkte til adm. banksjef. Verkeleg eksponering i forhold til vedtekne rammer blir regelmessig følgde opp og rapportert til styret. Rapporten blir utarbeida av risikoansvarleg, banken sin uavhengige kontrollfunksjon. Banken sin finansielle risiko er splitta i marknadsrisiko, kredittrisiko og likviditetsrisiko.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er sett saman av renterisiko, kredittspreadrisiko, valutarisiko og aksjekursrisiko.

Rente- og kredittspreadrisiko

Renterisiko oppstår når det er skilnader i rente-bindingstid mellom aktiva og passiva. Det er nytta ein standardisert modell for berekning av total renterisiko knytt til banken sin balanse og utenombalansepostar. Styret har sett opp interne rammer for renterisiko, og total renterisiko blir regelmessig rapportert til styret.

I tillegg til ramme for total renterisiko er det fastsett eigne rammer for kredittspreadrisiko knytt til porteføljen av sertifikat, obligasjonar samt sertifikat- og obligasjonsfond. Porteføljen har kort rentebindingstid og medfører liten renterisiko knytt til endringar i rentekurva. Uroa i kredittmarknadene har derimot påverknad på investorane sitt marginkrav, og denne spreadutgangen kan føre til betydelege kurstap på porteføljen. Slike urealiserte kurstap vert reversert fram mot forfall på det enkelte papir dersom utstedar er betalingsdyktig.

Sogn Sparebank har ei obligasjonsportefølje på enkeltpapir pr. 31.12.2023 på 10,0 mill. kroner. Renterisikoen er redusert ved at alle obligasjonane er knytt opp mot flytande rente. Banken har ei portefølje av obligasjonsfond på 263,4 mill. kroner med ein gjennomsnittleg rentedurasjon på om lag 0,2 år. Sett i samanheng med andre balansepostar med rentebinding, har banken likevel ein viss renterisiko.

Valutarisiko

Banken skal ikkje ta på seg valutarisiko utover eventuelle rammer vedtekne av styret. Banken har ikkje valutarisiko knytt til kontantbeholdningar, depositumskonto og pengekrav i framand valuta. Valutaeksponeringa i banken er låg. Banken har ikkje valutalån på eiga bok. Valutalån vert formidla gjennom DNB Bank ASA, og Sogn Sparebank stiller garanti for låna mot ordinær garantiprovisjon.

Banken har ikkje lenger garantiansvar overfor valutalån.

Aksjekursrisiko

Aksjekursrisiko er knytt til porteføljen av aksjar, aksjefond og eigenkapitalbevis. Desse verdipapira er vurdert til marknadsverdi, og eit fall i kursane vil føre til at banken må bokføre eit tilsvarande kurstap. Marknadsverdien av konsernet si porteføljе av aksjar, aksjefond og eigenkapitalbevis til verkeleg verdi over resultatet utgjorde 330,4 mill. kroner ved utgangen av 2023. Styret vurderer kursrisikoen i banken sine verdipapir til verkeleg verdi over resultatet som moderat. Målet til styret er å ha ei stabil langsiktig avkasting med minimal kursrisiko på banken sin portefølje.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er risiko for at låntakar ikkje vil eller ikkje er i stand til å betale lån tilbake. Med unntak for utlån og garantiar til kundar, er banken sin kredittrisiko hovudsakeleg knytt til plassering av midlar i sertifikat, obligasjonar og som innskot i andre finansinstitusjonar. Det er fastsett rammer som skal avgrense risikoen knytt til slike plasseringar.

Styret har fastsett rammer for risiko innan kredittgjeving. Kredittrisikoen vert overvaka ved misleghaldsrapportering, risikoklassifisering og bransjeanalysar.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risiko for manglande likviditet til å kunne innfri forpliktingar ved forfall. Innlånsporteføljen er systematisk bygd opp med langsiktige og kortsiktige forfall. Banken har trekkrettar som ved utgangen av året ikkje var trekte opp. Skilnaden på vekst i innskot og utlån har gjort banken mindre avhengig av ekstern finansiering. Banken har pr. 31.12.2023 totalt lånt 601,6 mill. kroner frå pengemarknaden. Sjå note 35 og 37 for meir informasjon.

Likviditetsrisikoen i banken er innanfor fastsette mål. Banken har lagt vekt på at likviditetsrisikoen skal vere moderat. Med bakgrunn i dette har banken bygd opp ein stor likviditetsreserve som pr. 31.12.2023 var 719,3 mill. kroner fordelt på kontantar, innskot i finansinstitusjonar, sentralbankar. Banken har ein LCR2 (Liquidity Coverage Ratio = likvide eigendelar) pr. 31.12.2023 på 223 og NSFR (Net Stable Funding Ratio) på 139. Dette er over både offentlege krav og banken sine interne mål.

Innskotsdekninga i banken pr. 31.12.2023 er 91,8%. Styret meiner innskotsdekninga og likviditetsrisikoen i banken er god og under kontroll.

Kontantstraumoppstillinga

Kontantstraumoppstillinga viser anskaffing og bruk av likvide midlar. Den skal saman med andre rekneskapsopplysningar gi informasjon om konsernet si evne til å generere likvidar og banken sitt behov for finansiering. Kontantstraumen vert delt inn i følgjande hovudaktivitetar: Operasjonelle aktivitetar, investeringsaktivitetar og finansieringsaktivitetar. Banken si kontantstraumoppstilling syner korleis Sogn Sparebank har fått tilført likvide midlar, og korleis desse er brukt.

Likviditetsbehaldninga i banken har auka til 719,3 mill. kroner pr. 31.12.2023 frå 513,3 mill. kroner pr. 31.12.2022.

Operasjonell risiko og internkontroll

Styret og leiinga er merksame på risiko for tap knytt til den daglege drifta av banken. Dette kan vere svikt i datakommunikasjon, system og rutinar. Det kan også oppstå feil grunna svikt i kontrollar, manglande kompetanse eller menneskelege feil.

For å ivareta desse viktige områda, og med mål om heile tida å bli betre, så har banken jf. CRD IV-føreskrifta etablert eit internkontrollsystem. Internkontroll er ein kontinuerleg prosess der kontrollar og tiltak blir utført av banken si førstelinje.

Adm. banksjef utarbeider ein årleg rapport til styret på gjennomføring, funn og tiltak kring siste års arbeid med internkontroll. Styret vurderer den operasjonelle risikoen til banken som akseptabel. Banken har også ein uavhengig etterlevings-funksjon som utfører eigne kontrollar og rapporterer kvartalsvis til banken sitt styre. Banken har også system for rapportering av operasjonelle hendingar og kundeklagar, for å fange opp område med behov for tiltak for å redusere risiko for feil og eventuelt tap.

Kredittrisiko og forventa tapsutvikling

Banken har ei kontinuerleg oppfølging av utlån og garantiar med sikte på å redusere tap. Kredittrisiko knytt til utlån og garantiar vert overvaka blant anna gjennom rapportering av misleghaldne og tapsutsette engasjement, samt risikoklassifisering og individuell vurdering av enkeltengasjement. Engasjement som er misleghaldne over 90 dagar er brutto 133,9 mill. kroner ved utgangen av 2023. Andre tapsutsette engasjement utgjer brutto 66,4 mill. kroner i 2023. Banken gjennomfører fortløpande ei grundig vurdering av utvalde engasjement for å avdekke moglege individuelle tap, og gjer avsetningar i høve til det. God styring av risiko vil vere eit prioritert område også framover.

For komande treårsperiode forventar banken normaliserte tap på utlån og garantiar vil bli lågare enn 0,2 % av brutto utlån.

Eigarstyring og selskapsleiing

Styret skal sjå til at Sogn Sparebank har god eigarstyring og selskapsleiing og gje ei samla utgreiing om dette i banken si årsmelding. Banken følgjer Den norske anbefalinga om eigarstyring og selskapsleiing som rettar seg mot aksjeselskap notert på Oslo Børs. Banken etterlever alle vesentlege punkt i nemnte anbefaling.

Føremålet med anbefalinga er at børsnoterte selskap skal ha ein modell for eigarstyring og selskapsleiing som klargjer rolledeling mellom eigarar, styret og dagleg leiing utover det som står i lovgivinga. Vidare er føremålet å styrke tilliten til selskapa og bidra til størst mogeleg verdiskaping over tid, til beste for eigarar, tilsette og andre interessentar.

Verksemda

Sogn Sparebank er ein sjølvstendig, børsnotert lokalbank med eigenkapitalbevis. Banken tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Marknaden for Sogn Sparebank er små og mellomstore verksemder i Sogn. Innanfor personmarknaden er banken landsdekkande, med fokus på vekstområde og større byar, men Sogn skal vere det prioriterte marknadsområdet. Banken er styrt frå Sogn og i kraft av samfunnsansvaret vårt gjev me tilbake til Sogn. Kvart år deler me ut ein del av overskotet i form av gåvemidlar til ålmennyttige tiltak, me sponsar organiserte aktivitetar for born og unge og me er ein stor bidragsytar for festivalar og arrangement i vårt område. Me kjenner lokalmarknaden vår og er ein nær medspelar for kundane våre, i tillegg til å tilby eit komplett produkt- og tenestespekter både for verksemder og privatpersonar.

Sogn Sparebank er registrert og heimehøyrande i Noreg med forretningsadresse Statsråd Evensensveg 8, 6885 Årdalstangen. Med ein desentralisert struktur utan hovudkontor, har banken kontorlokale i Aurland, Lærdal, Vik, Sogndal, Årdalstangen, Øvre Årdal og Bergen.

Sogn Sparebank sine dotterselskap Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS og ISSB Eigedom AS utgjer så liten del av balansen at det ikkje vert utarbeida eige konsernrekneskap. Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS vart avvikla i 2023. Selskapet Sogn Forsikring AS er tilknytt selskap.

Føremålet til Sogn Sparebank går fram av vedtektene til banken. Sparebanken har til føremål å fremje sparing ved å ta imot innskot frå ein ubestemt krins av innskytarar, og å forvalte på ein trygg måte dei midlane ein rår over i samsvar med dei lover som gjeld for sparebankar. Banken kan utføre alle vanlege bankforretningar og banktenester i samsvar med gjeldande lovgiving. Sogn Sparebank er totalleverandør av tenester innan områda finansiering, innskot, plassering, betalingsformidling, økonomisk rådgjeving, formueforvaltning og forsikring. Gjennom rådgjeving formidlar rådgjevarane sin kunnskap om berekraftige løysingar og produkt.

Selskapsstruktur og utbyte

Banken skal ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil. Sogn Sparebank hadde pr. 31.12.2023 ein eigenkapital på 1 093 mrd. Styret har utarbeidd ein tydeleg utbytepolitikk som grunnlag for dei utbyteframlegga som vert fremja for generalforsamlinga. Utbytepolitikken er gjort kjend gjennom årsmeldinga, i banken sine kvartalsrapportar til marknaden og Oslo Børs. Styret si fullmakt til å gjere kapitalforhøging skal avgrensast til definerte føremål. Fullmakta til styret bør ikkje gjevast for eit tidsrom lenger enn fram til neste ordinære møte i generalforsamlinga.

Likehandsaming av aksjonærar og transaksjonar med nærståande

Sogn Sparebank er oppteken av å utvikle eit gjensidig tillitsforhold til dei viktigaste interessegruppene våre. Det vert difor lagt vekt på stor openheit ovanfor interessentane i marknaden, både til dei som yter banken eigenkapital og finansiering, men òg til andre med relasjonar til banken. Alle eigenkapitalbeviseigarane skal handsamast likt, og ha same høve til påverknad. Eigenkapitalsbevisa til banken er sett i ein klasse, og skal vere fritt omsettelege. Einaste avgrensing er lovmessige krav som for tida fastset at erverv av kvalifisert del av eigenkapitalbevisa, 10 % eller meir, krev samtykke frå Finanstilsynet. For å ivareta interessene til eigarane med mindre

andelar, er det i vedtektene ei stemmeavgrensing som inneber at ingen på valmøte for eigenkapitalbeviseigarane kan avgje stemme for eigenkapitalbevis som representerer meir enn 10 % av Sogn Sparebank sine totale utferda eigenkapitalbevis. Dersom fortrinnsretten til eksisterande eigenkapitalbeviseigarar vert fråviken ved kapitalhøgdingar, skal det grunngjevast. Banken har retningslinjer som sikrar at styremedlemar og leiande tilsette melder frå til styret dersom dei direkte eller indirekte har ei vesentleg interesse i ein avtale som vert inngått av banken. Styret skal klargjere banken sitt verdigrunnlag, og har i samsvar med dette utforma retningsliner for etikk- og samfunnsansvar. Banken har retningsliner for korleis verksemda integrerer med omverda, her gjeld tilhøve knytt til menneskerettar, arbeidstakarrettar, det ytre miljø, jobbe mot korrupsjon, arbeidsmiljø og likestilling.

Generalforsamling

Ein sparebank er i utgangspunktet ein sjølvstendig institusjon der styringsstrukturen og samansetninga av styringsorgana skil seg frå aksjeselskapet, jf. § 7 i aksjelova om kva for organ ein sparebank skal ha. Generalforsamlinga er øvste organ i Sogn Sparebank, og er forankra i banken sine vedtekter kapittel 3. Generalforsamlinga skal ha 34 medlemer med 18 varamedlemer. Generalforsamlinga er sett saman av fire grupper representantar. Tolv medlemer og seks varamedlemer skal veljast av og blant sparebanken sine kundar, ni medlemer og seks varamedlemer er valde av kommunane, seks medlemer og tre varamedlemer er valde av dei tilsette, og sju medlemer og tre varamedlemer er valde av eigen-kapitalbeviseigarane. Det er generalforsamlinga som fastset banken sine vedtekter, vel styremedlemer, vedtek årsrekneskapen og disponerer årsresultatet. Valnemndene i banken er vedtaksfesta i § 5-1 og § 5-2 i banken sine vedtekter. Styret sine medlemar er ikkje ein del av valkomiteen. I forkant av generalforsamlinga er leiar for valnemnda til stades i styremøte, og valnemnda gjennomfører også individuelle samtalar med styremedlemane. Ei komplett liste over tillitsvalde i Generalforsamlinga er tilgjengeleg i årsmeldinga. Banken sender innkalling til møte i generalforsamlinga seinast 21 dagar før møtet skal haldast. Styremedlemene og revisor vert òg kalla inn til møta, og innkallinga vert børsmeldt. Møta vert leia av leiar i generalforsamlinga, med ein tilsett frå banken i møtesekretariatet. Underskriven møteprotokoll vert oppbevart i eigen protokoll.

Styret, samansetnad og uavhengigheit

Styret er forankra i § 4-1 i banken sine vedtekter, og er sett saman av 7 til 9 medlemer med inntil 5 varamedlemer som skal veljast for 2 år av generalforsamlinga, likevel slik at eit tal medlemer og varamedlemer valde av og blant dei tilsette er i samsvar med finansføretakslova. Eitt varamedlem vald av dei tilsette har møterett og talerett på styremøta, men ikkje stemmerett.

Eigenkapitalbeviseigarane har 1 representant i styret og 1 varamedlem, innstilt på eigenkapitalbeviseigarane sitt valmøte. Generalforsamlinga vel samla styre, styreleiar og nestleiar for to år. Kriterium for styret sine medlemar er kvalifikasjonar, kjønn, kapasitet, uavhengigheit og at representanten er eigna for vervet. Styret skal setjast saman slik at det vert sett på som uavhengig av den daglege leiinga.

Ein har ikkje sett behovet for å utarbeide eigne retningslinjer for likestilling og mangfald for samansetning av styre, leiing- og kontrollorgan. Dette vert allereie regulert i valinstruks for sentral valnemnd, instruks for valnemnd tilsette og instruks for lokale valnemnder. Der kjem det mellom anna fram at det er krav til 40 % kjønnsdeling i styret. Krav til kompetanse, kapasitet og erfaring er også omtala i same instruks.

Styret utarbeider ein møteplan og finansiell kalender. Styret skal ha ei strategidrøfting knytt til mål, strategiar og gjennomføring, minst ein gong i året. Banken har utarbeidd ein eigen styreinstruks. Instruksen til adm. banksjef er godkjend av styre. Styret ser til at banken har god intern kontroll i samsvar med dei føresetnader som gjeld for verksemda, mellom anna banken sitt verdigrunnlag og etiske retningsliner. Styret skal syte for at styremedlemer og leiande tilsette skal gjere selskapet kjend med vesentlege interesser dei måtte ha i saker som styret skal handsama.

Styret har ni til tolv faste møter i året. Styret skal utarbeide risikoprofil for verksemda, i tillegg til at styret sikrar å handsame lovpålagde saker eller handsame saker som vedtektene/mandatet har krav om. Styret skal årleg evaluere mål, strategiar og risikoprofil, og gå gjennom banken sine viktigaste områder og internkontroll. Styret informerer

i årsmeldinga om korleis internkontrollen er organisert.

Styret skal i eiga sak vurdere sitt eige arbeid og den samla kompetansen i styret. Godtgjersle til styremedlemene skal fremjast av valnemnda og godkjennast av generalforsamlinga.

Styregodtgjersle vert elles vurdert mot godtgjersle hjå andre samanliknbare selskap, og justert etter dette. Finansføretaklova regulerer kva andre verv styremedlemar kan ta på seg i tillegg til styrevervet i banken. Det vert i årsmeldinga informert om alle godtgjersler til styremedlemene. Dersom det har vore gjeve godtgjersle utover vanleg styrehonorar, skal det spesifiserast. Fastsetting av godtgjersle til adm. banksjef skal gjerast av styret. Samla godtgjersle til adm. banksjef skal gå fram av årsmeldinga.

Det er teikna ansvarsforsikring for medlemmane i banken sitt styre og dagleg leiar i høve deira ansvar ovanfor føretaket og tredjepartar. Forsikringa er teikna i Lockton Companies AS. Forsikringsdekninga gjeld for styre- og leiaransvar, profesjonsansvarsforsikring for finans og kriminalitetsforsikring.

Revisjons- og risikoutval

Banken har etablert eige revisjons- og risikoutval som er forankra i § 4-2 i banken sine vedtekter, og skal veljast av og blant medlemane i styret. Utvalet er også lovpålagt. I 2023 har revisjons- og risikoutvalet vore samansett av 3 medlemer.

Revisjons- og risikoutvalet skal samla ha den kompetansen som ut i frå banken sin organisasjon og verksemd er nødvendig for å ivareta oppgåvene sine. Minst eitt av medlemane i revisjons- og risikoutvalet skal vere uavhengig av verksemda og ha kvalifikasjonar innan rekneskap eller revisjon. Styremedlemar som er leiande tilsette, kan ikkje veljast til medlemer av revisjons og risikoutvalet. Oppgåvene til revisjons- og risikoutvalet går fram av vedtektene § 4-2.2:

- førebu styret si oppfølging av rekneskapsrapporteringsprosessen
- overvake systema for internkontroll og risikostyring, og banken sin internrevisjon om slik funksjon er etablert
- ha kontinuerleg kontakt med banken sin valde revisor om slik funksjon er etablert
- vurdere og overvake revisor sin uavhengigheit jf. revisorlova kapittel 4, herunder særleg i kva grad andre tenester enn revisjon som er utlevert av revisor eller revisjonsselskapet utgjer ein trussel mot uavhengigheita.

Risikostyring og internkontroll

Ansvaret for risk- og compliance i Sogn Sparebank vert handtert av to tilsette i banken, som også har andre oppgåver i tillegg. Banken har fokus på risiko- og kapitalstyring, og det er ein integrert del av styret sitt arbeid. Konsernet sin overordna risikoeksponering og risikoutvikling vert følgd opp gjennom periodiske risikorapportar til styret. Banken si risiko- og kapitalstyring er knytt opp mot fire hovudområde:

- Kredittrisiko
- Marknadsrisiko
- Likviditetsrisiko
- Operasjonell risiko

Styret har ansvaret for å initiere ICAAP-prosessen og kapitalplanlegginga i banken, og set mål for eit kapitalnivå som er tilpassa banken sin risikoprofil og forretningsmessige rammevilkår. ICAAP prosessen er ein integrert del av banken si samla risiko- og kapitalstyring. Minst ein gong i året skal ICAAP-prosessen med risikoområda til banken vurderast og handsamast i styret. Dette arbeidet vert vidare lagt fram for revisor for gjennomgang. Adm. banksjef er ansvarleg for at banken si risiko- og kapitalstyring vert følgd opp etter rammer vedtekne av styret. Styret fastset risikoprofilen til banken, gjennom overordna rammer, fullmakter og retningsliner for risikostyring. Styret ser til at banken har ein ansvarleg kapital som er forsvarleg ut frå risikoprofilen til banken og krav frå styresmaktene.
På grunnlag av datamateriell produsert av Tieto Evry og Eika Gruppen AS, utarbeider administrasjonen i banken i samarbeid med Eika økonomiservice finansiell rapportering for Sogn Sparebank. Styret fører tilsyn med at rapporteringa skjer i samsvar med gjeldande lovgiving, rekneskapsstandarar, fastsette rekneskapsprinsipp og etter styret sine retningslinjer. Sogn Sparebank har etablert ein policy for internkontroll som fastset målsetjingar, organisering og gjennomføring av internkontrollarbeidet. Sogn Sparebank skal ha årleg gjennomgang av risiko og internkontroll.

Finansiell informasjon og kommunikasjon

Styret har fastsett retningsliner for rapportering av finansiell og annan informasjon. Retningslinene er basert på openheit og tek omsyn til kravet om likebehandling av aktørane i verdipapirmarknaden og krav til informasjon til eigenkapitalbeviseigarane.

På banken si heimeside og Oslo Børs offentleggjer banken finansiell kalender som inneheld datoar for viktige hendingar som møte i generalforsamlinga, offentleggjering av års- og delårsrapportar og utbetaling av eventuelt utbyte. Informasjon til marknaden elles vert formidla på banken si heimeside, på Oslo Børs og gjennom pressemeldingar.

Det er vedteke eigne retningsliner for tilsette og tillitsvalde i banken som handlar med eigenkapitalbevis.

Overtaking

Sogn Sparebank er ein sjølveigd institusjon som ikkje kan bli overteken av andre gjennom oppkjøp. Pr. 31.12.2023 eig eigenkapitalbeviseigarane 13,29% av eigenkapitalen i banken. Den resterande delen er sparebanken sitt fond. Ved kjøp av meir enn 10 % av eigenkapitalbevisa i banken, må kjøpar søke løyve frå Finanstilsynet. Ved oppkjøp frå banken si side vert det lagt vekt på å ivareta alle interessene på ein tilfredsstillande måte.

Ekstern revisor

Revisor skal årleg leggje fram for styret og revisjons-utvalet hovudtrekka i ein plan for gjennomføring av revisjonsarbeidet. Revisor deltek i styremøte som handsamar årsrekneskapen. I møta skal revisor gå gjennom eventuelle vesentlege endringar i rekneskapsprinsippa til banken. Dessutan skal revisor vurdere vesentlege rekneskapsestimat, og alle vesentlege forhold der det har vore usemje mellom revisor og administrasjonen. Revisor skal minst ein gong i året gå gjennom internkontrollen i banken med styret og revisjonsutvalet, identifisere svakheiter og kome med forslag til forbetringar. Styret og revisor skal ha minst eitt møte i året utan at adm. banksjef eller andre frå den daglege leiinga er til stades. Revisjonsutvalet skal godkjenne bruk av revisor til andre tenester enn revisjon utover det som kjem fram i den årlege revisjonsplanen. Revisjonsplanen vert lagt fram for styret og der kjem det fram kva som er revisjonsarbeid og kva som er anna arbeid. I ordinær generalforsamling skal styret orientere om godtgjersla til revisor, fordelt på revisjon og andre tenester.

Utbytepolitikk

Resultatet i Sogn Sparebank vert delt høvesvis mellom sparebanken sitt fond og eigenkapital-beviskapitalen. Banken nyttar inngåande balanse for eigenkapitalbevis med tillegg av utjamningsfond ved utrekning av eigenkapitalbevisbrøken. Sogn Sparebank har som mål at minst 50 % av resultatet etter eigenkapitalbevisbrøken vert utbetalt som



utbyte, resten vert lagt til utjamningsfondet. Kvart år vurderer styret og generalforsamlinga behov for overføring til gåvefondet.

Samfunnsansvar og berekraft

Berekraft handlar om å ta vare på dei ressursane me har tilgjengeleg, og forvalte dei på best mogeleg vis til komande generasjonar. Dette er viktig som arbeidsgivar, finansinstitusjon og lokalbank som er oppteken av levande lokalsamfunn.

Finansnæringa sitt samfunnsansvar er å skape verdiar og drive lønnsamt, og sparebankane vart oppretta nettopp for å sikre økonomisk tryggleik, utvikling og levande lokalsamfunn. Finansbransjen, Eika, kundane og banken er opptekne av dette. Eika Gruppen arbeider med berekraft i utviklinga av produkt, banken sine system og verktøy. Kompetanseutvikling i Eika Skulen er også med å sikre god miljøleiing og berekraftige val i eigne organisasjonar og ovanfor leverandørar og samarbeidspartnarar. Banken har utarbeida eigen policy for berekraftig verksemd og samfunnsansvar. Berekraft er ein viktig del av strategien til banken, og me erfarer at det påverkar oss i alle ledd, både mot kundar og internt i verksemda.

Banken har ein desentralisert struktur, med nokså store avstandar mellom kontora. For å forsøke å avgrense reiseverksemda er digitale kommunikasjonsverktøy avgjerande for ein god og effektiv arbeidskvardag. Teams og andre flater blir flittig nytta internt i organisasjonen, men også ut mot kundar og samarbeidspartnarar. Tilsette disponerer stort sett firmabilar når det er behov for å reise rundt frå kontor til kontor, eller ved representasjon. Hausten 2023 blei fleire av bilane bytta ut med reine elbilar og det er etablert ladestasjonar ved fleire kontor.

Sogn Sparebank er ein lokalbank som tilbyr kundane ein smart og enkel bankkvardag, både digitalt og med fysiske kontor i lokalsamfunna. Banken forureinar ikkje det ytre miljøet utover det som er vanleg for bankdrift. Det blir vurdert å vere ubetydeleg.

Påverknad gjennom rådgjeving, produkt og synlegheit

Banken skal møte kundane med respekt og venlegheit, og gjennom heilskapleg rådgjeving finne gode løysingar som tener både kunden og banken. Rådgjevar er ofte ein sparringspartnar for kunden og me har høve til å bidra til meir berekraftig åtferd hjå kundane gjennom å formidle kunnskap om temaet og gje gode råd i dialogen med privat- og næringskundar. Vurdering av ESG-kriteria er ein naturleg del av alle kredittsaker på næring, og det er også blitt implementert i portalen for produksjon av kredittsaker for privatlån. Det skal vere ein del av alle kredittvurderingar i banken.

Nesten alt av marknadsføringsmateriell i banken er digitalt, ofte i samarbeid med Eika. Marknadsføringa av våre tenester og produkt vert sakleg og korrekt framstilt, i samsvar med lover og reglar. Me deltek i Eika sin marknadspakke for annonsering, og på denne måten sikrar me også at personvernreglane vert oppfylt, at krav til finansiell informasjon er på plass og at det ikkje er villeiande informasjon. Ein av banken sine viktigaste kommunikasjonskanalar er sosiale medium. Her har me fokus på å gje gode, aktuelle økonomiske og berekraftige råd til følgjarane våre, vise kven som jobbar i banken, vise fram næringskundar og få fram verdien av lokalbanken i Sogn.

Banken kan også tilby berekraftige produkt til kundane. Gjennom å tilby forsikring skapar me forutsigbarheit og tryggleik for kundane våre og tek i vare verdiane deira. Pr 31.12.23 hadde Sogn Sparebank finansiert grøne bustadprosjekt for 932 mill. kroner. Me tilbyr også grøne billån gjennom Eika. Eika Kredittbank sine smålån vert tilbydde og marknadsført som produkt du kan nytte til oppussing og refinansiering. Berekraft er også å ta vare på det du har, fornye og gje det eit lengre liv, heller enn å kaste og kjøpe nytt. Samfunnsansvaret gjeld ikkje berre i lokalmiljøet, men gjennom Eika Kapitalforvalting sine spareprodukt blir banken sine kundar investorar i eit stort tal selskap i ulike sektorar og nasjonar. Eika Kapitalforvalting sine retningsliner gjer at spareprodukta som banken tilbyr via Eika, oppfyller strenge krav til samfunnsansvar, berekraft, etikk og openheit.

Utvikling og fornying av bygg

Banken eig ein del av kontorbygga sine, og i 2023 har me helde fram med å fornye og

energieffektivisere lokala våre. I mai blei kontoret i Aurland nyopna etter oppussing, og på tampen av året blei det i same bygg sett i gang eit prosjekt for å etablere eit kontorfellesskap til bruk for innbyggjarar og tilreisande. Før me sette i gang sjekka me interessa for tilbodet i samarbeid med kommunen, då det er eit rekrutteringstiltak for sistnemnde og ein naturleg part å samarbeide med. Kontorfellesskapet står klart i løpet av våren 2024. Kontoret i Vik er neste fornyingsprosjekt og dette arbeidet vil starte opp i 2024.

Kompetanse og kunnskapsformidling

Banken er ei kompetansebedrift og bidreg til kompetansearbeidsplassar i distriktet. Banken har gode ordningar for kompetanseheving og utvikling av den enkelte, gjennom banken sin bedriftsavtale utarbeida i samarbeid med dei tillitsvalde. Dette er også nedfelt i strategien. Her er det like moglegheiter for alle tilsette. Det er ein ressurs å ha folk som ynskjer å heve eigen kompetanse, som igjen gagnar kundar og lokalsamfunn. Me har fokus på å informere og forklare kva moglegheiter som finst for dei tilsette i banken, både i rekrutteringsprosessar og med jamne mellomrom i organisasjonen generelt.

Rekrutteringsprosessen startar ikkje i det ein lyser ut etter nye medarbeidarar. Det er eit kontinuerleg arbeid i kampen om dei rette hovuda. Når banken kan vise til gode resultat og nøgde medarbeidarar, godt engasjement i sosiale media, positive medieoppslag og gode kundeopplevingar, då er sjansane større for at ein også tiltrekk seg gode folk når det er behov for det. Dette er noko me jobbar målretta for gjennom heile året.

Svindel – eit samfunnsproblem

Banken har også eit ansvar for at kundane er med på den digitale utviklinga og dei digitale verktøya banken tilbyr. Ved overgang til ny it-plattform besøkte me pensjonistlag og seniornett for å ha innføring i det som er nytt. Svindel er også alltid eit fast tema på slike møteplassar. Med digital utvikling kjem også utfordringar, og gjennom året har me erfart at mange kundar blir forsøkt svindla både via telefon, epost og sms. Tradisjonelt sett er det eldre menneske, såkalla «Olga-svindel» som har vore dei mest utsette gruppene, men me erfarer at dette har endra seg og no gjeld det kundar i alle aldrar. Eika har sett i verk svindeltiltak, banken har sett i verk tiltak og me informerer kundane både i sosiale media, gjennom media og gjennom møteplassar. I påsken blei det også sendt ut bankvitreglar per post til alle ikkje-digitale kundar. Banken jobbar førebyggjande, men er også avgjerande når uhellet har skjedd, kunden har blitt svindla og det er ein kamp mot klokka for å forsøke å stoppe transaksjonane eller få pengane tilbake til kunden.

Samarbeid

Berekraftige samarbeid er viktig og me har gjennom fjoråret halde fram med å vere ein nær og synleg medspelar i lokalsamfunna. Veterancupen i fotball er eit godt døme på eit samarbeid som har vart over mange år, der tidlegare aktive fotballspelarar på ulike nivå kjem saman for å spele fotballturnering. I januar var også Ukraina sitt landslag deltakande, og med banken som hovudsponsor blei det også rigga til ein nasjonal innsamlingsaksjon «Fotball for Ukraina» til støtte til det krigsherja landet.
I mars støtta me oppom «Sogndal næringslivsforum», arrangert av studentane på økonomi- og eigedomsmeklingslinja ved Høgskulen på Vestlandet avd. Sogndal. I samarbeid med idrettslaga me er sponsor for har banken arrangert påskeskirenn og grendacup, alt med fokus på barn og unge og folkehelse. I tillegg har me arrangert fleire kundearrangement mellom anna om sikkerheit i landbruket og innovasjonskveld for kvinner i landbruket. Avslutningsvis i 2023 inviterte banken til gratis romjulskino alle stadane me har kontor, eit superpopulært og inkluderande tiltak for barnefamiliane. Me ser fram til å samarbeide og arrangere fleire samfunnsnyttige arrangement i 2024.

Møteplassar og levande lokalsamfunn

Banken har lange tradisjonar for å vere ein aktiv bidragsytar når det skjer noko positivt i lokalsamfunna. Eldsjeler + dugnadinnsats + stønad frå lokalbanken er ei suksessoppskrift, og gjennom året har me støtta små og store ting som i sum har som målsetnad å gjere Sogn til ein endå betre stad å bu og vekse opp i. I retningslinjene for gåvefondet til banken har me sagt at prosjekt der berekraft, folkehelse eller barn og unge er i fokus, vil få særleg merksemd. I 2023 blei 5,9 mill. kroner satt av til gåver, og fordelingsnøkkelen på gåvene er jf. kapittel § 6-1 i vedtektene til banken. Gåvemidlane skal skape verdiar og hjelpe lag og

organisasjonar til å gjennomføre idear og tiltak som kjem flest mogleg til gode og skape gode møteplassar. I 2023 delte banken etter søknad ut om lag 5 mill. kroner i gåvemidlar. Gåvemidlar som ikkje er utdelt, er øyremerka seinare gåvetildelingar. I tillegg har me gjennom fjoråret vore svært aktive på sponsorfronten, her også i både store og mindre engasjement, alt til gode for å skape gode møteplassar og levande lokalsamfunn.

Likestilling, mangfald og kunnskapsutvikling

Likestilling og diskriminering er særleg nemnt i banken sin policy for berekraftig verksemd og samfunnsansvar. Moglegheitene skal vere like, uavhengig av alder, etnisitet, nasjonalt opphav, kjønn, avstamming, hudfarge, religion, legning, livssyn eller funksjonsevne. Banken godtek ikkje nokon form for verbal, psykisk, fysisk eller seksuell trakassering. Kvinner og menn skal ha like moglegheiter for å kvalifisere seg til alle typar oppgåver, og karrieremoglegheitene skal vere dei same. Banken har nulltoleranse for diskriminering og har fokus på at kompetanse skal vere toneangivande.

Banken har signert «Kvinner i finans charter», som har som mål å auke kvinneandelen i leiande posisjonar i finansnæringa i Noreg. Banken har satt seg mål om femti prosent kvinneandel i leiar- og ansvarsstillingar i banken. For Sogn Sparebank er det kompetansen som er det avgjerande, og ikkje kva kjønn ein har. Likevel vil leiinga oppmuntre og legge til rette for at fleire kvinner rekk opp handa og tek ansvar. For å få til dette er det viktig med gode førebilete. Gjennom 2023 har fleire kvinner i organisasjonen hatt spesialist- og ansvarsrollar. Kompetanseutvikling er eit fast punkt i medarbeidarsamtalen. Det er viktig for banken med god kjønnsdeling, aldersfordeling og mangfald i organisasjonen. Fordelen med å ha folk i ulike aldrar og livssituasjon, er at me speglar kundane, samt at det er enklare for banken å tilpasse seg den enkelte sin livssituasjon. Her ligg me godt an. Me har god kjønnsfordeling, og variasjon i alder heilt frå 23 til 66 år, og gjennomsnittsalderen er på om lag 43 år. Leiinga i banken har i 2023 bestått av 2 kvinner og 3 menn, 1 av 2 teamleiarar er kvinner.

Arbeidsmiljø og personale

Til saman er det utført 38,2 årsverk i 2023, fordelt på 40 tilsette. Det er tilsett 6 nye medarbeidarar i året som har gått. Banken har internkontrollsystem for helse, miljø og sikkerheit.

Medverknad er ein føresetnad for eit godt arbeidsmiljø og kvar og ein av medarbeidarane har ansvar for å bidra til trivsel både for seg sjølv og andre. Banken nyttar mykje ressursar for å legge til rette for sosiale samlingar for tilsette i banken, noko som har stor verdi for å bli godt kjende og for arbeidsmiljøet. Styret er opptekne av eit godt arbeidsmiljø, og leiinga i banken vil halde fram med å prioritere dette arbeidet. Sjukefråværet var på 9,10 % i 2023, mot 6,06 % året før. Banken har hatt fleire langtidssjukemeldingar som no enten er ferdig eller på nedtrapping. I ein bank på vår storleik vil alltid langtidssjukemeldingar gje store utslag, og ikkje spegle generelt sjukefråvær. Uavhengig av dette har sjukeprosenten stort fokus, og det er viktig for oss som arbeidsgjevar å setje inn rette tiltak for banken og dei tilsette sin del. Det er ikkje rapportert om skadar eller ulukker i samband med arbeidet.

Korrupsjon og antikvitvask (AHV)

Banken skal bekjempe økonomisk kriminalitet på bakgrunn av risikovurderingar og oppfølging av antikvitvaskområdet, mistenkelege transaksjonar og mogelege svindelsaker.

Banken sine rutinar og retningsliner baserer seg på kvitvaskingsloven og tilknytt forskrifter. Våre hovudoppgåver rundt dette er å gjennomføre risikovurderingar, gjennomføre kundekontroll, undersøkje mistenkelege transaksjonar og kundar, samt rapportere mistenkelege transaksjonar til Økokrim. Banken har nulltoleranse for korrupsjon. Det gjeld både internt i organisasjonen, hjå banken sine kundar, i selskap banken investerer i, hjå våre fondsleverandørar og hjå leverandørar til banken sine eigne innkjøp. Opplæring er ein viktig del av arbeidet med AHV, der alle i banken, frå den enkelte rådgjevar til styremedlemar, skal ha kunnskap om AHV ut frå den rolla dei har. Dette er eit område med sterkt fokus frå leiinga og styret.

Overgang til ny it-plattform

Som nemnt tidlegare i årsmeldinga bytta banken it-plattform i september. Det vart tidleg satt ned ei prosjektgruppe som hadde hovudansvaret for kontakten mot Eika, planlegging og

gjennomføring. Mot sommaren vart fleire og fleire engasjert i prosjektet, og til slutt var alle tilsette på ulike måtar involvert. Eika la godt til rette for å gje kundane mest mogeleg informasjon til rett tid, i tillegg til at banken sjølv gjennomførte eigne informasjons- og kommunikasjonstiltak. Ein konsekvens av det til tider intense arbeidet med prosjektet, var at banken bestemte seg for å tone ned kundearrangement og det meste anna som krevde ressursar utanom vanleg bankdrift. Overgangen til ny it-plattform resulterte i endå meir jobbing på tvers av team, kontor og funksjonar. Alle var ein viktig brikke i det store prosjektet, og saman med resten av Eikabankane gjennomførte banken overgangen på tidskjema og 11. september møtte alle på jobb til nytt system og nye måtar å jobbe på.

Openheitslova

Openheitslova skal fremje verksemder si respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samband med produksjon av varer og levering av tenester. Lova skal også sikre ålmenta tilgang til informasjon om korleis verksemder handterer negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Banken leverte sin første rapport i 2023, har satt i gang arbeidet og vil rapportere i forhold til lovkrava innan fristen 30. juni 2024. Rapporten vil bli publisert på banken si heimeside under menypunktet «rapportar og vedtekter».

Avslutning

Styret vurderer at resultatrekneskapen og balansen med tilhøyrande notar gjev utfyllande og tilfredsstillande informasjon om verksemda i 2023 og banken si stilling ved årsskiftet. Etter styret si vurdering har det heller ikkje vore hendingar av vesentleg karakter for banken etter utgangen av rekneskapsåret 2023. I samsvar med rekneskapslova stadfestar styret at føresetnaden om framleis drift er til stades.

Framtidsutsikter

Banken skal halde fram med å vere ein nær og synleg medspelar for kundane og lokalsamfunna i Sogn. Dette lukkast me med ved å stimulere til aktivitetar og verdiskaping, og vere ein god partnar for privatkundar og verksemder. Gjennom Sogn Sparebank sitt gåvefond set me fokus på barn og unge, folkehelse og berekraft og gjev gåver til allmennyttige føremål. Samarbeid er nøkkelen til suksess, og me har alltid ei open dør for lag og organisasjonar, eldsjeler og gode innspel til korleis banken kan bidra til at Sogn vert ein endå betre plass å bu og vekse opp i.

Endringar i bransjen og regulatoriske krav frå myndigheitene skjer i eit høgt tempo, og banken må etterleve dette også framover. God styring av risiko vil også vere eit prioritert område.

Kompetanseutvikling er eit prioritert område i banken for å sikre at Sogn Sparebank er ein attraktiv arbeidsplass for framtida. Banken sitt arbeid med og vidareutvikling av samfunnsansvaret og berekraftsarbeidet vil også vere høgt prioritert i 2024.

Sogn Sparebank har konkurransedyktige digitale løysingar. Me legg i tillegg vekt på lokal tilgjengelegheit og evna til å gi god personleg rådgjeving. Slik møter banken den aukande konkurransen, me er overtydd om at dette er tenester kundane vil ha og som me vil lukkast med.

Takk

Styret vil retta ein stor takk til heile organisasjonen som gjennom 2023 har lagt ned ein stor arbeidsinnsats for kundane, for kvarandre og for lokalbanken.

Ein takk også til alle som har bidrege gjennom banken si generalforsamling og andre utval, og ikkje minst alle banken sine kundar og samarbeidspartnarar som støttar opp om Sogn Sparebank.

Årdalstangen 21. mars 2024.

Kristine Grønner Ohnstad (s.)
Styreleiar

Sindre Wergeland (s.)
Nestleiar

Olav Vikøren (s.)

Grethe Hjetland (s.)

Kåre Mentz Lysne (s.)

Marit Røyrvik Eldegard (s.)

Atle Terum (s.)

Marianne Sundal (s.)
Tilsetterepresentant

Halvor Larsen (s.)
Tilsetterepresentant

Mads Arnfinn Indrehus (s.)
Adm. banksjef

Resultat- og balanserekneskap 2023

Resultatrekneskap

Ordinært resultat - Tall i tusen kroner	Noter	2023	2022
Renteinntekter målt til effektiv rentes metode		338.807	197.204
Renteinntekter fra øvrige eigendelar		6.966	1.172
Rentekostnader og liknande kostnader		165.767	63.821
Netto renteinntekter	**Note 18**	**180.006**	**134.555**
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		28.169	29.066
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		5.391	4.233
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		14.374	17.805
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument		10.859	5.549
Andre driftsinntekter		3.848	3.245
Netto andre driftsinntekter	**Note 20**	**51.859**	**51.433**
Løn og andre personalkostnader	Note 21	42.695	37.978
Andre driftskostnader	Note 22	66.756	50.585
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle eigendelar	Note 31	7.034	6.647
Sum driftskostnader før kredittap		**116.485**	**95.210**
Netto driftsresultat før tap		**115.380**	**90.778**
Kredittap på utlån, garantiar mv. og renteberande verdipapir	Note 11	8.334	6.525
Resultat før skatt		**107.046**	**84.253**
Skattekostnad	Note 23	21.870	16.961
Resultat av ordinær drift etter skatt		**85.176**	**67.293**

Andre inntekter og kostnader - Tall i tusen kroner			
Estimatendringar knytt til ytelsesbaserte pensjonsordningar		0	0
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkelig verdi over andre inntekter og kostnader	Note 25	-7.477	37.064
Skatt		0	0
Sum postar som ikkje vil bli klassifisert over resultatet		**-7.477**	**37.064**
Verdiendring utlån til verkeleg verdi	Note 25	0	0
Verdiendring renteberande verdipapir til verkeleg verdi	Note 25	0	0
Skatt		0	0
Sum postar som vil bli klassifisert over resultatet		**0**	**0**
Sum andre inntekter og kostnader		**-7.477**	**37.064**
Totalresultat		**77.699**	**104.357**
Resultat per eigenkapitalbevis	**Note 39**	**18,09**	**14,36**



Balanse

Balanse - Eigendelar

Tal i tusen kroner	Notar	2023	2022
Kontantar og kontantekvivalentar	Note 24-25	83.651	82.922
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	Note 24-25	635.683	430.344
Utlån til og fordringar på kundar	Note 6-11, 24-25	6.339.506	5.909.784
Renteberande verdipapir	Note 26	10.032	55.205
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	Note 27-28	601.654	677.750
Eigarinteresser i tilknytt selskap og felleskontrollerte føretak	Note 30	135	135
Eigarinteresser i konsernselskap	Note 30	7.550	7.550
Varige driftsmidlar	Note 31, 43	74.945	76.156
Overtekne og andre eigendelar	Note 32	11.677	9.441
Sum eigendelar		**7.764.833**	**7.249.287**

Balanse - Gjeld og eigenkapital

Tal i tusen kroner	Noter	2023	2022
Innlån frå kredittinstitusjonar	Note 33	151.201	150.745
Innskot og andre innlån frå kundar	Note 34	5.855.278	5.563.750
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 35	601.623	401.932
Betalbar skatt	Note 23	23.924	19.492
Utsett skatt	Note 23	2.453	1.731
Anna gjeld	Note 36, 43	37.016	41.873
Sum gjeld		**6.671.495**	**6.179.523**
Aksjekapital/Eigarandelskapital	Note 38	31.625	31.625
- Eigne aksjar/eigenkapitalbevis		-673	-673
Overkursfond		32.812	32.812
Fondsobligasjonskapital	Note 37	0	40.000
Sum innskoten eigenkapital		**63.764**	**103.764**
Fond for urealiserte gevinstar		66.709	74.919
Sparebankens fond		869.722	809.841
Gåvefond		30.378	30.379
Utjamingsfond		62.764	50.861
Sum opptjent eigenkapital		**1.029.574**	**966.000**
Sum eigenkapital		**1.093.338**	**1.069.764**
Sum gjeld og eigenkapital		**7.764.833**	**7.249.287**

Årdalstangen den 21. mars 2024

Kristine Grønner Ohnstad (s.)
Styreleiar

Sindre Wergeland (s.)
Nestleiar

Olav Vikøren (s.)

Grethe Hjetland (s.)

Kåre Mentz Lysne (s.)

Marit Røyrvik Eldegard (s.)

Halvor Larsen (s.)
Tilsetterepresentant

Atle Terum (s.)

Marianne Sundal (s.)
Tilsetterepresentant

Mads Arnfinn Indrehus (s.)
Adm. banksjef

Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling

Morbank	Innskoten eigenkapital				Opptent eigenkapital							
Tal i tusen kroner	Eigen-kapital-bevis	Eigne eigenkapital-bevis	Overkurs-fond	Fonds-obligasjon	Spare-banken sitt fond	Ut-jamnings-fond	Utbytte	Gåvefond	Fond for vurderings-skilnadar	Fond for urealiserte vinstar	Anna opptjent eigenkapital	Sum eigen-kapital
Eigenkapital 31.12.2022	**31.625**	**-673**	**32.812**	**40.000**	**797.256**	**57.548**	**0**	**36.278**	**0**	**74.919**	**0**	**1.069.764**
Resultat etter skatt					73.473	11.703						85.176
Estimatendringar knytt til ytelsesbaserte pensjonsordningar												0
Verdiendring på finansielle eigendelar over andre inntekter og kostnadar					632	101				-8.210		-7.478
Verdiendring utlån til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader												0
Verdiendring renteberande verdipapir over andre inntekter og kostnader												0
Skatt på andre inntekter og kostnader												0
Totalresultat 31.12.2023	**0**		**0**	**0**	**74.105**	**11.804**	**0**	**0**	**0**	**-8.210**	**0**	**77.699**
Transaksjonar med eigarane												0
Utbetalt utbytte						-6.325						-6.325
Utferding av ny hybridkapital				-40.000								-40.000
Renter på hybridkapital					-1.638	-261						-1.899
Endring eigne eigenkapitalbevis												0
Realisert gevinst/tap omfordelt frå fond for urealiserte gevinstar												0
Gavefond								-5.900				-5.900
Andre eigenkapitaltransaksjonar												0
Eigenkapital 31.12.2023	**31.625**	**-673**	**32.812**	**0**	**869.722**	**62.764**	**0**	**30.378**	**0**	**66.709**	**0**	**1.093.338**
Eigenkapital 31.12.2021	**31.625**	**-673**	**32.812**	**40.000**	**747.274**	**51.871**	**0**	**34.778**	**0**	**37.855**	**0**	**975.542**
Resultat av ordinær drift etter skatt					51.985	9.408		5.900				67.293
Verdiendring på finansielle eigendelar over andre inntekter og kostnadar										37.064		37.064
Totalresultat 31.12.2022	**0**	**0**	**0**	**0**	**51.985**	**9.408**	**0**	**5.900**	**0**	**37.064**	**0**	**104.357**
Transaksjoner med eigarane												0
Utbetalt utbytte						-3.405						-3.405
Utferding av ny hybridkapital								-4.400				-4.400
Renter på fondsobligasjon					-2.004	-326						-2.330
Endring eigne eigenkapitalbevis												0
Realisert gevinst/tap omfordelt frå fond for urealiserte gevinstar												0
Andre eigenkapitaltransaksjonar												0
Eigenkapital 31.12.2022	**31.625**	**-673**	**32.812**	**40.000**	**797.255**	**57.548**	**0**	**36.278**	**0**	**74.919**	**0**	**1.069.764**

Framlegg til utbyte vert ikkje ført ut av banken sin eigenkapital før formelt vedtak er fatta i generalforsamlinga.
Framlegg til utbyte er kr. 15,00 pr. eigenkapitalbevis.

	2023	2022
Framlegg til utbyte	15,00	10,00

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstilling - direkte metode

Tal i tusen kroner	Notar	2023	2022
Kontantstraum fra operasjonelle aktivitetar			
Netto utbetaling av utlån til kundar		-422.190	-155.730
Renteinnbetalingar på utlån til kundar		302.568	188.519
Overtekne eigendelar			2.800
Netto innbetaling av innskot frå kundar		290.939	123.874
Renteutbetalingar på innskot frå kundar		-131.632	-48.830
Renter på utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar/ gjeld til kredittinstitusjonar		19.694	5.003
Kjøp og salg av sertifikat og obligasjonar		45.000	91
Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjonar		1.292	1.172
Netto provisjonsinnbetalingar		22.778	24.834
Netto inn-/utbetaling kortsiktige investeringar i verdipapir		84.583	114.219
Utbetalinger til drift		-112.859	-68.772
Betalt skatt		-18.981	-14.153
Utbetalte gåver av overskot		-5.900	-4.400
A Netto kontantstraum fra operasjonelle aktivitetar		**75.291**	**168.626**
Kontantstraum frå investeringsaktivitetar			
Utbetaling ved investering i varige driftsmidlar		-7.625	-11.283
Innbetaling frå sal av varige driftsmidlar		2.802	49
Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapir			-38.188
Innbetaling frå sal av langsiktige investeringar i verdipapir			16.702
Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar		14.374	17.805
B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet		**9.551**	**-14.915**

Tal i tusen kroner	Notar	2023	2022
Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar			
Innbetaling ved utferding av verdipapirgjeld	35	400.000	
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	35	-200.000	-200.000
Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utferding av verdipapir		-21.436	-9.837
Innbetaling ved lån frå kredittinstitusjonar	33	60.000	90.000
Tilbakebetaling av gjeld til kredittinstitusjonar	33	-60.000	-120.000
Renter på gjeld til kredittinstitusjonar		-6.311	
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall ansvarlege lån			
Innbetaling ved utferding av ansvarleg lån			
Utbetaling ved forfall ansvarleg lån			
Renteutbetalingar på ansvarlege lån			
Innbetaling ved utferding av fondsobligasjonskapital			
Utbetaling ved forfall av fondsobligasjonskapital	37	-40.000	
Renter på fondsobligasjon		-1.899	-2.330
Kjøp og salg av eigne aksjer			
Utbetalinger fra gåvefond			
Utbetaling knytt til leigeforpliktingar	43	-2.803	-2.693
Utbytte til egenkapitalbeviseigarane		-6.325	-3.405
C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet		**121.226**	**-248.265**
A + B + C Netto endring likvider i perioden		**206.068**	**-94.554**
Likviditetsbehaldning 1.1		513.266	607.819
Likviditetsbehaldning 31.12		**719.334**	**513.266**
Likvidetsbehaldning spesifisert:			
Kontantar og kontantekvilvalentar	24-25	83.651	82.922
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og fordringar på sentralbankar	24-25	635.683	430.344
Likviditetsbehaldning		**719.334**	**513.266**

Notar

Noteoversikt

1. Rekneskapsprinsipp
2. Kredittrisiko
3. Bruk av estimat og skjønnsmessige vurderingar
4. Kapitaldekning
5. Risikostyring
6. Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet
7. Fordeling av utlån
8. Misleghaldne og andre kredittforringa engasjement
9. Forfalne og kredittforringa utlån
10. Eksponering på utlånsengasjement
11. Nedskrivingar på utlån, unytta kredittar og garantiar
12. Store engasjement
13. Sensitivitet
14. Likviditetsrisiko / Forfallsanalyse av eigendelar og gjeld/forpliktingar
15. Valutarisiko
16. Kursrisiko
17. Renterisiko
18. Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter
19. Segmentinformasjon
20. Andre inntekter
21. Løn og andre personalkostnader
22. Andre driftskostnader
23. Skattar
24. Kategoriar av finansielle instrument
25. Verkeleg verdi finansielle instrument
26. Sertifikat og obligasjonar
27. Aksjar, eigenkapitalbevis og fond til verkeleg verdi over resultatet
28. Aksjar og eigenkapitalbevis utpeika til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader
29. Finansielle derivat
30. Dotterselskap og tilknytt selskap
31. Varige driftsmidlar
32. Andre eigendelar
33. Innlån frå kredittinstitusjonar
34. Innskot frå og gjeld til kundar
35. Verdipapirgjeld
36. Anna gjeld og avsetningar
37. Fondsobligasjonskapital
38. Eigardelkapital og eigarstruktur
39. Resultat før andre inntekter og kostnader som prosent av forvaltningskapitalen og resultat pr. eigenkapitalbevis
40. Garantiar
41. Hendingar etter balansedagen
42. Transaksjonar med bnærståande partar
43. Leigeavtaler (der selskapet er leigetakar)

1. Rekneskapsprinsipp

Generell informasjon

Sogn Sparebank er ein sjølvstendig sparebank i Eika-alliansen og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Sogn Sparebank er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Marknaden for Sogn Sparebank innanfor bedriftsmarknaden er små og mellomstore verksemder i Sogn. Innafor privatmarknaden er banken landsdekkande, med fokus på vekstområde og store byar, men Sogn er det prioriterte marknadsområdet.

Sogn Sparebank er registrert og heimehøyrande i Noreg, med seks kontor i Sogn og eit kontor i Bergen. Banken har forretningsadresse Statsråd Evensensveg 8, 6885 Årdalstangen.

Rekneskapen gjeld for perioden 01.01.2023 til 31.12.2023. Alle tal er presenterte i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Rekneskapen vart vedteken av styret den 21. mars 2024 og av generalforsamlinga den 17. april 2024.

Grunnlag for utarbeiding av rekneskapen

Årsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS® Accounting Standards som godkjent av EU. Rekneskapen er avlagt basert på IFRS-standardar og fortolkingar obligatoriske for årsrekneskap som blir avlagt per 31.12.2023. Vidare er krava til tilleggsinformasjon i gjeldande lover og forskrifter for bankar ivareteke.

Standardar, endringar og fortolkingar til eksisterande standardar som ikkje er gjort gjeldande, og kor føretaket ikkje har valt tidleg bruk

Det er ingen nye IFRS-standardar eller IFRIC-fortolkingar som ikkje er gjort gjeldande som er venta å ha vesentleg påverknad på banken sitt rekneskap.

Samandrag av vesentlege rekneskapsprinsipp

Rekneskapen er presentert i norske kroner, og alle tall er vist i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane.

Rekneskapsmessig handsaming av dotterselskap og tilknytt selskap

Sogn Sparebank utarbeider ikkje konsernrekneskap for 2023. Dotterselskapa Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS (dotter), Sogn Sparebank Eigedom AS (dotter) og Sogn Forsikring AS (tilknytt selskap) har ikkje vesentleg omsetning. Sogn Sparebank Eigedomsmekling er avvikla i 2023.

Segmentinformasjon

Driftssegmenta blir rapportert slik at dei er i samsvar med rapporterbare segment i den interne rapporteringa i Sogn Sparebank.

Inntektsføring

Renteinntekter blir inntektsført ved bruk av effektiv rentemetode. Dette medfører fortløpande inntektsføring av renter med tillegg av amortisering av etableringsgebyr. Den effektive renta blir fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr, og eventuelt restverdi ved utløpet av forventa løpetid. Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode blir nytta for balansepostar vurdert til amortisert kost. For renteberande balansepostar vurdert til verkeleg verdi over resultatet, blir den nominelle renta løpande inntektsført, medan verdiendringar blir rekneskapsført ved periodeslutt. For engasjement med konstaterte tap blir det berre rekna renter av netto bokført verdi.

Renteinntekter på finansielle instrument klassifisert som utlån er inkludert i linja for netto renteinntekter. Gebyr og provisjonar blir resultatført etter kvart som tenesta blir ytt. Gebyr for etablering av låneavtalar inngår i kontantstraumane ved berekning av amortisert kost og blir inntektsført under netto renteinntekter etter effektiv rentemetode. I andre driftsinntekter inngår mellom anna gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtenester. Resultatføringa skjer når tenestene er levert.

Utbyte frå investeringar blir resultatført på tidspunktet som utbytet er vedteke på generalforsamlinga. Utbyte på eigenkapitalinstrument klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat, blir ført over ordinært resultat når banken sin rett til utbyte er fastslått.

Finansielle instrument – innrekning og frårekning

Finansielle eigendelar og forpliktingar innreknast når banken blir part i instrumentet sitt kontraktsmessige vilkår. Finansielle eigendelar vert frårekna når dei kontraktsmessige

rettane til kontantstraumane frå dei finansielle eigendelane er utløpt, eller når føretaket overfører den finansielle eigendelen i ein transaksjon der heile eller tilnærma all risiko og fortenestemoglegheiter knytt til eigarskap av eigendelen vert overført.

Finansielle forpliktingar blir frårekna på det tidspunktet rettane til dei kontraktsmessige vilkåra er innfridd, kansellert eller gått ut.

Finansielle instrument – klassifisering

Ved førstegongs rekneskapsføring blir finansielle instrument klassifisert i ein av dei følgjande kategoriane, avhengig av typen instrument og føremålet med investeringa.

Finansielle eigendaler blir klassifisert i gruppene:

- Amortisert kost
- Verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader
- Verkeleg verdi med verdiendring over resultat

Finansielle forpliktingar klassifiserast som:

- Finansielle forpliktingar til verkeleg verdi med verdiendringar over resultat
- Andre finansielle forpliktingar målt til amortisert kost.

Klassifisering og måling i høve til IFRS 9 krev at alle finansielle eigendelar som er pengekrav, blir klassifisert basert på ei vurdering av banken sin forretningsmodell og kontantstraumane knytt til dei ulike instrumenta.

Utlån med flytande rente er klassifisert til amortisert kost. Utlån med fast rente der banken har som formål å ta imot kontraktsmessige kontantstraumar i form av renter og avdrag, er klassifisert til verkeleg verdi. Banken har anledning til å overføre utlån med pant i bustadeigedom til Eika Boligkreditt som har belåningsgrad under 75 %. Banken overfører utlån frå egen balanse kun unntaksvis og kun med uvesentleg volum. Banken har derfor klassifisert utlån som kan overførast til Eika Boligkreditt til amortisert kost.

Banken sin likviditetsportefølje er klassifisert til verkeleg verdi over resultatet, i samsvar med forretningsmodellen som styrer forvaltninga av likviditetsporteføljen. Eigenkapitalinstrument som er strategiske investeringar, er klassifisert til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnadar utan resirkulering. Desse eigenkapitalinstrumenta er ikkje derivat eller brukt for handelsføremål.

Finansielle forpliktingar vert målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentes metode. I kategorien finansielle forpliktingar til amortisert kost, inngår klassane innskot frå og forpliktingar overfor kundar og renteberande forpliktingar som sertifikat- og obligasjonsgjeld.

Måling til verkeleg verdi

Verkeleg verdi av finansielle instrument som blir omsett i aktive marknadar, blir fastsett ved å vise til noterte marknadsprisar eller kurs frå forhandlarar av finansielle instrument. Marknaden er aktiv dersom det er mogleg å skaffe eksterne observerbare prisar, kursar eller renter og desse prisane representerer faktiske og hyppige marknadstransaksjonar.

For finansielle instrument som ikkje blir omsett i ein aktiv marknad, blir den verkelege verdien fastsett ved hjelp av ein eigna verdsettingsmetode. Slike verdsettingsmetodar omfattar bruk av nyleg føretekne marknadstransaksjonar på armlengds avstand mellom velinformerte og frivillige partar, dersom slike er tilgjengelege, tilvising til løpande verkeleg verdi av eit anna instrument som er praktisk talt det same, diskontert kontantstraumsberekning eller andre verdsettingsmodellar. I den grad observerbare marknadsprisar er tilgjengeleg for variablar som inngår i verdsetjingsmodellar, blir slike nytta. Det vert ikkje gjort frådrag for transaksjonskostnadar ved fastsetting av verkeleg verdi.

Måling til amortisert kost

Finansielle instrument som ikkje blir målt til verkeleg verdi, blir målt til amortisert kost, og inntektene blir berekna etter instrumentet si effektive rente. Amortisert kost vert fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid.

Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og direkte, marginale transaksjonskostnader som ikkje direkte blir betalte av kunden, og eventuell restverdi ved utløpet av forventa løpetid. Viss forventa tap er inkludert ved berekning av effektiv rente, inkluderast forventa tap i kontantstraumane ved berekning av amortisert kost. Amortisert kost er noverdien av slike kontantstraumar, neddiskontert med den effektive renta, med frådrag for avsetning for forventa tap.

Måling av finansielle garantiar

Utsteda finansielle garantiar blir

vurdert til verkeleg verdi, som ved første gongs rekneskapsføring blir sett på som motteke vederlag for garantien. Ved etterfølgjande måling blir utsendte finansielle garantiar vurdert til det høgaste beløp av mottekne vederlag for garantien, med frådrag for eventuelle resultatførte amortiseringar og forventa tap, berekna etter reglande for nedskriving av finansielle eigendelar.

Nedskriving av finansielle eigendelar

Under IFRS 9 skal tapsavsetningane innreknast basert på forventa kredittap. Den generelle modellen for nedskrivingar av finansielle eigendelar omfattar finansielle eigendelar som blir målt til amortisert kost, eller til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat. I tillegg er òg lånetilsegn, finansielle garantikon-traktar som ikkje blir målt til verkeleg verdi over resultatet og fordringar på leige-avtalar, omfatta.

Eit finansielt instrument som ikkje er kredittforringa vil ved førstegongs balanseføring få ein avsetning for tap tilsvarande 12-månaders forventa tap, og klassifiserast i steg 1.

Ved førstegongs balanseføring skal det avsettast for tap tilsvarande 12-månaders forventa tap. Slikt tap er det tapet som er forventa å inntreffa over levetida til instrumentet, men som kan knytast til misleghalds-hendingar som inntreff dei første 12 månadane.

Dersom kredittrisikoen for ein eigendel eller gruppe av eigendelar har auka vesentleg sidan første-gongs innrekning, skal det gjerast ei tapsavsetning tilsvarande noverdien, bestemt ved bruk av den effektive renta, av tapet som er forventa å inntreffe over heile den forventa levetida til eigendelen, og eigendelen skal reklassifiserast til steg 2.

For utlån klassifisert i samsvarsvis steg 1 og 2 vert renta berekna basert på brutto balanseført verdi og avsetning for tap er normalt modellbasert.

Dersom det oppstår eit tap i verdien, skal instrumentet flyttast til steg 3. Renteinntekter vert då rekna inn basert på netto balanseført verdi og tapsavsetninga blir normalt satt på individuell basis.

For ytterlegare detaljar sjå note 2.

Nedskrivingsmodell i banken

Forventa kredittap (ECL) i steg 1 og 2 reknast som EAD x PD x LGD, ned-diskontert med effektiv rente.
Eika har utvikla eigne modellar for berekning av sannsynleg misleghald (PD) og tap ved misleghald (LGD). Banken sin systemleverandør Skandinavisk Data Center (SDC) har, på vegne av Eika, vidareutvikla løysing for eksponering ved misleghald (EAD), berekning av tap og modell for vurdering om eit engasjement har hatt vesentleg auke i kredittrisiko sidan første gongs innrekning, og denne modellen nyttar banken. Nedskrivingsmodellen er ytterlegare skildra i note 2.

Overtaking av eigendelar

Eigendelar som vert overteke i samband med oppfølging av misleg-haldne og nedskrivne engasjement, vert ved overtaking verdsett til verkeleg verdi. Slike eigendelar klassifiserast i balansen etter sin art. Etterfølgjande verdivurdering og klassifisering av resultateffektar følgjer prinsippa for den aktuelle eigendelen.

Presentasjon av resultatpostar knytt til finansielle eigendelar og forpliktingar til verkeleg verdi

Realiserte gevinstar/(tap) samt endringar i estimerte verdiar på finansielle instrument til verkeleg verdi over resultatet, inkludert utbytte, er med i rekneskapen under "netto gevinst/(tap) på finansielle instrument" i den perioden dei oppstår.

Sikringsbokføring

Sogn Sparebank nyttar ikkje sikringsbokføring.

Motrekning

Finansielle eigendelar og finansielle forpliktingar motreknast og presen-terast berre når banken har ein juridisk rett til å motrekne og når banken har til føremål å gjere opp på nettogrunnlag.

Inntekter og kostnadar motreknast ikkje med mindre det vert gjort krav om eller vert tillate i samsvar med IFRS.

Valuta

Transaksjonar i utanlandsk valuta vert omrekna til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta vert omrekna til norske kroner ved å nytte kursen på balansedagen. Ikkje-pengepostar målt til historisk kurs uttrykt i utanlandsk valuta, vert omrekna til norske kroner ved å nytte valutakursen på transaksjons-tidspunktet. Ikkje-pengeposter målt til verkeleg verdi uttrykt i utanlandsk valuta, vert omrekna til valutakursen fastsett på balansetidspunktet. Valutakursendringar blir resultatført løpande i rekneskapsperioden. Rekneskapen presenterast i norske kroner, bankens sin funksjonelle valuta.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar omfattar bygningar, tomter og driftslausøyre, og er vurdert til anskaffingskost med frådrag for akkumulerte avskrivingar og nedskrivingar. Anskaffingskost for varige driftsmidlar er kjøpspris, inkludert avgifter/skattar og kostnader direkte knytt til å setje anleggsmiddelet i stand for bruk. Utgifter påløpt etter at driftsmidla er tekne i bruk, slik som løpande vedlikehald, blir resultatført. Andre utgifter som er forventa å gje framtidige økonomiske fordelar, blir balanseført. Det er nytta lineære avskrivingar for å allokere kostpris over driftsmidlane si brukstid.

Immaterielle eigendelar

Immaterielle eigendelar blir innrekna når krava til balanseføring er til stades. Immaterielle eigendelar erverva separat balanseførast til kost. Økonomisk levetid er anten bestemt eller ubestemt. Immaterielle eigendelar med bestemt levetid vert avskrive over økonomisk levetid og testa for nedskriving ved indikasjonar på dette. Avskrivingsmetode og periode blir vurdert minst årleg. Banken nyttar ikkje goodwill.

Nedskriving av varige driftsmidlar og immaterielle eigendelar

Ved kvart rapporteringstidspunkt, og dersom det er indikasjonar på fall i varige driftsmidlar og immaterielle eigendelar sin verdi, vil utrekninga av ei eventuell nedskriving bli estimert ut frå gjenbruksverdien av eigendelane. Gjenbrukbart beløp er det høgste av eigendelen sin verkelege verdi med fråtrekk av salskostnadar og bruksverdi.

Eigendelen sin balanseførte verdi vert nedskrive dersom balanseført verdi er høgre enn estimert gjenbrukbart beløp.

Leigeavtalar

For å fastsetje om ein kontrakt inneheld ein leigeavtale, er det vurdert om kontrakten overfører retten til å kontrollere bruken av ein identifisert eigendel. Standarden har hovudsakeleg fått betydning for leigeavtalar knytt til kontorlokale, som medfører at husleigekostnadar ikkje lengre rekneskapsførast som driftskostnad, men som avskriving av bruksrett eigendel og rentekostnad på tilhøyrande leigeforplikting i resultatrekneskapen. Leigeavtalar med låg verdi (mindre enn USD 5 000), og leigeavtalar med ein leigeperiode på 12 månader eller mindre, vil ikkje bli balanseført. Leigeavtalane som fell inn under disse unntaka innreknast løpande som andre driftskostnader.

Banken har innrekna sine leigeforpliktingar til noverdien av dei utestående leigebetalingane diskontert med marginal lånerente på tidspunktet for førstegongsbruk. Leigeperioden er berekna basert på avtalen sin varigheit, lagt til eventuelle opsjonsperiodar dersom desse med rimeleg sikkerheit vil bli utøvd. Berekning av noverdi av leigeforpliktinga inkluderer element som fast leige justert for indeksreguleringar i leigekontraktane. Eventuelle opsjonar i leigeavtalen, og/eller utgifter knytt saman med utkjøpsklausular før endeleg kontraktsutløp, er medrekna i leigeforpliktinga dersom det er sannsynleg at opsjon eller klausul vil bli brukt. Felleskostnader og andre variable leigebetalingar osv. vil ikkje bli innrekna i leigeforpliktinga for husleigekontraktane og blir ført som driftskostnad. Diskonteringsrente for leigeavtalar er fastsett ved å anvende leigetakars marginale lånerente. Det vil seie rentesatsen ein leigetakar i eit liknande økonomisk miljø måtte betale for å lånefinansiere i ein tilsvarande periode og med tilsvarande sikkerheit, og dei midlar som er naudsynte for ein eigendel av liknande verdi som bruksretts-eigedelen. Renta tek omsyn til både risikofri rente, kredittrisiko og leigespesifikt påslag, som sikkerheit/pant i leigeavtalen. Renta vil tilpassast den faktiske leigekontrakten si varigheit, type eigendel og liknande.

Ved etterfølgjande målingar blir leigeforpliktinga målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetoden. Leigeforpliktinga blir målt på nytt når det skjer ei endring i framtidige leigebetalingar som oppstår som følgje av endring i ein indeks, eller om banken endrar vurdering av om den vil utøve forlenging- eller terminerings-opsjonar. Når leigeforpliktinga vert målt på nytt på denne måten, blir det gjort ein tilsvarande justering av balanseført verdi av bruksretten, eller blir ført i resultatet dersom den balanseførte verdien av bruksretten er redusert til null.

Ved førstegongsinnrekning i balansen blir bruksretten til anskaffingskost. Det vil seie leigeforpliktinga (noverdi av leigebetalingane) pluss forskuds-leigepluss og eventuelle direkte anskaffingskostnadar. I etterfølgjande periode blir bruksretten målt ved bruk av ein anskaffingsmodell.

Bruksrettane er i balansen presentert som ein del av «varige driftsmidlar», medan leigeforpliktingane presenterast som «andre avsetningar» i balansen. Bruksrettar som avskrivast, er gjenstand for ein nedskrivingstest i samsvar med IAS 36 når omstenda indikerer det.

Investeringar i tilknytt selskap

Tilknytt selskap er ein eining der banken har betydeleg påverknad, men ikkje kontroll, over den finansielle og operasjonelle styringa (normalt ved eigardel på mellom 20 % og 50 %). Rekneskapen inkluderer ikkje banken sin del av resultat frå tilknytt selskap.

Skatt

Skattekostnad består av betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt/skattefordel er berekna på alle skilnadar mellom rekneskapsmessig og skattemessig verdi på eigendelar og gjeld, samt underskot til framføring.

Utsett skattefordel er rekneskapsført når det er sannsynleg at banken vil ha tilstrekkelege skattemessige overskot i seinare periodar til å nyttiggjere skattefordelen. Banken rekneskapsfører tidlegare ikkje rekneskapsført utsett skattefordel i den grad det har blitt sannsynleg at banken kan nytte seg av den utsette skattefordelen. På same måte vil selskapet redusere utsett skattefordel i den grad banken ikkje lenger ser det som sannsynleg at den kan nyttiggjere seg av den utsette skattefordelen.

Utsett skatt og utsett skattefordel er målt basert på forventa framtidige skattesatsar og skattereglar som gjeld på balansedagen, eller som høgst sannsynleg er venta vedteken, og truleg tredt i kraft når den utsette skattefordelen realiserast eller når den utsette skatten skal gjerast opp.

Betalbar skatt og utsett skatt er rekneskapsført direkte mot eigenkapitalen i den grad skattepostane relaterer seg til eigenkapitaltransaksjonar, med unntak av fondsobligasjonar der skatteeffekten av rentekostnaden blir ført i ordinært resultat, og konsernbidrag frå mor- eller søsterselskap som blir resultatført.

Pensjonsforpliktingar

Pensjonskostnadar og -forpliktingar følgjer IAS 19. Banken har innskotsbasert ordning for alle tilsette.
I tillegg har banken AFP-ordning.
For innskotsordninga betaler banken innskot til privat administrerte livs- og pensjonsforsikringsselskap. Banken har ingen ytterlegare betalingsforpliktingar etter at innskota er betalt. Innskota vert kostnadsført fortløpande og rekneskapsførast som lønnskostnad. AFP-ordninga vert behandla rekneskapsmessig som innskotsordninga.

Fondsobligasjon

Fondsobligasjonar som er evigvarande, og der banken har einsidig rett til å ikkje betale renter til investorane, tilfredsstiller ikkje definisjonen til finansielle forpliktingar i samsvar til IAS 32. Slike obligasjonar klassifiserast som eigenkapital i balansen (hybridkapital) og renta behandlast som utbytte og vert presentert som reduksjon i sparebanken sitt fond og utjamningsfond.

Hendingar etter balansedagen

Ny informasjon etter balansedagen om selskapet si finansielle stilling på balansedagen, er teke omsyn til i årsrekneskapen. Hendingar etter balansedagen som ikkje påverkar selskapet si finansielle stilling på balansedagen, men som vil påverke selskapets finansielle stilling i framtida, er opplyst om dersom dette er vesentleg.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga vert utarbeidd med utgangspunkt i kontantstraumar frå operasjonelle-, investerings- og finansieringsaktivitetar etter direkte metode. Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar er definert som alle inn- og utbetalingar frå utlåns- og innskotsverksemda mot kundar og kredittinstitusjonar, inn- og utbetalingar frå kortsiktige verdipapir, samt utbetalingar generert frå kostnader knytt til den ordinære operasjonelle verksemda.

Investeringsaktivitetar er definert som kontantstraumar frå langsiktige verdipapirtransaksjonar, samt investeringar i driftsmidlar og eigedomar. Kontantstraumar frå opptak og nedbetaling av ansvarleg lån, og obligasjonsgjeld og eigenkapital er definert som finansieringsaktivitetar. Likviditetsbehaldning omfattar kontantar, fordring på Norges Bank og innskot i andre kredittinstitusjonar.

2. Kredittrisiko

Definisjon av misleghald

Banken har frå og med 1.1.2021 teke i bruk ny definisjon av misleghald. Denne er utforma i samsvar med European Banking Authority sine retningslinjer for korleis bankar skal nytte misleghalddefinisjonen i kapitalkravsforordninga (CRR), samt presiseringar i CRR/CRD IV forskrifta. Det følgjer av desse reglane at ein kunde vil bli klassifisert som misleghalden dersom minst eit av dei følgjande kriteria er oppfylt:

- Kunden har eit overtrekk som både overstig ei relativ- og absolutt grense i meir enn 90 samanhengande dagar. For både PM- og BM-kundar er den relative grensa lik 1 % av kunden si samla eksponering.
  - For PM-kundar er den absolutte grensa lik 1.000 kroner
  - For BM- kundar er den absolutte grensa lik 2.000 kroner
- Det er vurdert som sannsynleg at kunden ikkje vil kunne innfri sine kredittforpliktingar ovanfor banken (unlikely to pay – UTP).
- Kunden er smitta av ein annan kunde som er i misleghald i samsvar med dei to første kriteria nemnd over.

Ny definisjon av misleghald medfører innføring av karensperiode: som tilseier at kundane vert kategorisert som misleghaldne ein periode etter at misleghaldet er ordna opp i. Karensperioden er tre månader etter friskmelding, med unntak av engasjement med forbearence-markering der tilhøyrande karensperiode er tolv månader.

Eksponering ved misleghald (EAD)

EAD for avtalar i steg 1 består av utestående fordring eller forplikting: justert for kontantstraumar dei neste 12 månadane, og for avtalar i steg 2 dei neddiskonterte kontantstraumane for den forventa levetida til avtalen. For garantiar er EAD lik den utestående forpliktinga på rapporteringsdatoen multiplisert med ein konverteringsfaktor på 1 eller 0,5 avhengig av type garanti. Unytta kredittar har EAD lik utestående unytta kreditt på rapporteringstidspunktet. Forventa levetid på ein avtale blir berekna ut frå liknande avtalar si historiske gjennomsnittlege levetid.

Avtalar som modifiserast blir målt frå opphavleg startstidspunkt, sjølv om avtalen får nye vilkår.

Tap ved misleghald (LGD)

Estimat for LGD er basert på historiske tap i alle Eika-bankar for intervall av sikkerheitsdekning. Datagrunnlaget oppdaterast med tapshistorikk for nye periodar. Modellane skil mellom person- og bedriftskundar:

Personkundar
- Kundar med sikkerheit i fast eigedom
- Kundar med anna sikkerheit enn fast eigedom
- Kundar utan registrert sikkerheit

Bedriftskundar
- Kundar med sikkerheit
- Kundar utan sikkerheit

Verdien av sikkerheit er teke omsyn til og baserer seg på estimerte realisasjonsverdiar.

Sannsynleg misleghald (PD)

Banken sin PD-modell er utvikla av Eika Gruppen. PD-modellen estimerer sannsynleg misleghald ved å estimere statistiske samanhengar mellom misleghald og kunden sin finansielle stilling, demografiske data og betalingsåtferd. For deler av porteføljen nyttast policykoder når kunden sin risiko ikkje kan reknast på ordinær måte. Dette kan skuldast kundetype eller hending. Kundar med policykode blir overstyrt til ein risikoklasse med tilhøyrande førehandsdefinert PD.

Modellen skil mellom personkundar og bedriftskundar, og måler sannsynleg misleghald for dei neste 12 månadar (PD 12 mnd). Totalmodellen består vidare av to undermodellar, ein åtferdsmodell og ein generisk modell, som vektast ulikt basert på tid som kunde og tid sidan siste kredittsøk. Totalmodellen består utelukkande av den generiske modellen i dei tilfelle der kundeforholdet og tid sidan siste kredittsøk har vore kortare enn ein førehandsdefinert tidshorisont. Berre åtferdsmodellen nyttast dersom kundeforholdet og tid sidan siste kredittsøk har vore lengre enn ein gitt tidshorisont. I alle andre tidshorisontar vil ein kombinasjon av modellane nyttast. Dette gjelder også for BM-kundar som ikkje er gjenpartspliktige.

Åtferdsmodellen angir PD 12 mnd. basert på observert åtferd frå kunden sin konto, transaksjonar og produktfordeling. Generisk

modell angir PD 12 mnd basert på offentleg informasjon. Generisk modell er utvikla av Bisnode på alle norske føretak/hushaldningar med konkurs/ alvorleg betalingsmerknad som utfallsvariabel. For bedriftskundar består den generiske modellen av fire undermodellar. Enkeltpersonsforetak (ENK), føretak der eigar direkte heftar for gjeld (ANS/ DA), andre føretak med innlevert rekneskap og andre føretak utan rekneskap.

For personkundar består den generiske modellen av fem undermodellar, der fire er delt opp etter kunden sin alder (18-26 år, 27-42 år, 43-65 år og 66+ år) og den siste består av personar, uansett alder, med minst ein aktiv betalingsmerknad.

Ved berekning av sannsynleg misleghald over forventa levetid på engasjementet (PD-liv), blir det nytta ei migrasjonsbasert framskriving for å estimere forventa misleghald fram i tid, basert på utvikling i PD siste 12 månadar. Modellane blir årleg validert og rekalibrert ved behov. Ved endring av modellen sin kvalitet blir det utvikla nye modellar.

Vesentleg auke i kredittrisiko (migrering)

Vesentleg auke i kredittrisiko blir målt basert på utvikling i PD. Banken har definert vesentleg auke i kredittrisiko som ein auke i opphavleg PD ved førstegongs innrekning (PD-ini) for ulike nivå for at modellen skal fange opp relativ utvikling i kredittrisiko.

For engasjement med opphavleg PD 12 mnd. mindre enn 1 %, er vesentleg auke definert som: PD 12 mnd > PD 12 mnd. ini + 0,5 % og PD liv > PD liv ini * 2

For engasjement med opphavleg PD12 mnd. over eller lik 1%, er vesentleg auke definert som : PD 12 mnd. > PD 12 mnd. Ini + 2% eller PD liv > PD rest liv*2.

Det er ingen spesifikke karenskriterier med tanke på migrering. Som følgje av dette vil engasjementet bli tilbakeført til steg 1 dersom tilhøyrande PD endringar ikkje lengre fyller krava til vesentleg auke i kredittrisiko.

Det er i tillegg to absolutte kriterium som alltid definerer ein vesentleg auke i kredittrisiko.

- Eigendelen har ikkje tapt kredittverdi, men det er gjeve betalingslette i samband med at kunden er i finansielle vanskar.
- Eigendelen har eit overtrekk på minimum 1.000 kroner i meir enn 30 samanhengande dagar.

Forventa tap på kreditt basert på forventningar til framtida

IFRS 9 krev at framoverskuande informasjon blir inkludert i vurdering av forventa kredittap.

Forventningane til framtida er teke omsyn til gjennom ein makroøkonomisk regresjonsmodell for samsvarsvis PM og BM som vurderer endring i sannsynleg misleghald (PD) i tre scenario – basis (normal makroøkonomiske situasjon), nedside (vesentleg økonomisk nedgangskonjunktur) og oppside (eit scenario i høgkonjunktur). I basisscenario er det brukt makroprognosar frå SSB sin rapport «Konjunkturtendensene», samt at det er brukt ei skjønnsmessig ekspertvurdering av sjeføkonom i Eika Gruppen for å få ein lengre prognose-periode enn det som kjem fram av SSB-rapporten.

Tabellen viser makroprognosar for basis-scenariet:

Makroprognosar	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029-
BNP Fastlands-Norge	0,7	0,9	1,7	2,4	2,2	2,0	1,8
Pengemarknadsrente (nivå)	4,2	4,7	3,9	3,3	3,3	3,1	2,9
Arbeidsledigheitsrate (nivå)	3,6	3,9	4,1	4,2	4,0	4,0	4,0

Opp- og nedsidescenario er kome til gjennom eit gitt tal standardavvik positivt eller negativt utslag i makrovariablane samanlikna med basisprognosen frå SSB. Ved vurdering av tal standardavvik utslag er det sett til Norges Bank og Finanstilsynets sine stresstestar, sett i samanheng med vektinga av scenarioet.

Scenarioa gjev følgjande sannsynleg vekting; basis 70 %, nedside 20 % og oppside 10 %. I alle tre scenarioa vert det anteke at økonomien vender tilbake til eit felles snitt mot slutten av ein femårs prognoseperiode.

Tabellen viser makromodellen sitt forventa misleghaldnivå i forhold til dagens mislighaldsnivå PM. Ein faktor på 1,6 betyr at kundane sin PD er forventa å vere 60 % høgre enn dagens PD. Tilsvarande betyr ein faktor på 0,3 at PD er forventa å vere 30 % av dagens PD.

År	2024	2025	2026	2027	2028	2029-
Basis	1,2	1,2	1,1	1,0	1,0	0,9
Nedside	2,1	2,0	1,8	1,3	1,1	0,9
Oppside	0,7	0,7	0,6	0,8	0,8	0,9
Vekta	**1,3**	**1,3**	**1,2**	**1,0**	**1,0**	**0,9**

Tabellen viser makromodellen sitt forventa misleghaldsnivå i forhold til dagens misleghaldsnivå BM.

År	2024	2025	2026	2027	2028	2029-
Basis	1,1	1,0	0,8	0,8	0,8	0,9
Nedside	2,3	2,0	1,7	1,1	1,0	0,9
Oppside	0,6	0,5	0,4	0,5	0,7	0,9
Vekta	**1,3**	**1,2**	**0,9**	**0,8**	**0,8**	**0,9**

Note 13 viser resultata av utvalde scenarioberekningar, mellom anna forventa kredittap dersom makrofaktorane i nedside- og oppsidescenarioa var nytta i berekningane.

I implementering av makrofaktorane i IFRS 9-modellen er alle faktorane for PM dividert med 1,25 og med 1,20 for BM for å ta høgde for overestimering av sansynleg misleghald i banken sin PD-modell. Det er venta at PM og BM-modellen vil overestimere sannsynleg misleghald med høvesvis 25 og 20 % i framtida.

Nedskrivingar i steg 3

Banken går gjennom heile bedriftsporteføljen årleg, og store og spesielt risikable engasjement vert gjennomgått ved endringar eller minimum kvartalsvis. Lån til privatpersonar blir gått gjennom når dei er misleghaldne eller dersom dei har dårleg betalingshistorikk. Ved estimering av nedskriving på enkeltkundar blir både aktuell og forventa framtidig finansiell stilling vurdert. For engasjement i bedriftsmarknaden vert marknadssituasjonen for kunden, aktuell sektor og marknadsforhold generelt vurdert. Moglegheita for rekapitalisering, restrukturering og refinansiering blir også vurdert. Samla vurdering av desse forholda blir lagt til grunn for estimering av framtidig kontantstraum. Kontantstraumane blir som hovudregel estimert over ein periode tilsvarande forventa løpetid for den aktuelle kunden, eller gruppe av kundar dersom det er likskap knytt til kundane. Nedskrivinga vert berekna i tre scenario; basis, oppside og nedside, som vektast med 70, 10 og 20 prosent. Banken tapsavsett i steg 3 dersom kunden er kredittforringa. Ved vurdering av tapsavsetting heftar det usikkerheit ved estimering av tidspunkt og beløp for framtidige kontantstraumar: inkludert verdsetting av sikkerheitsstilling. Sjå note 11 for oversikt over nedskriving på utlån og garantiar.

Banken tek kredittrisiko, altså risikoen for at motparten vil påføre banken eit tap ved ikkje å gjere opp midlane banken har til gode. Kredittesponering er primært knytt til utestående lån og gjeldspapir. Det er også kredittrisiko knytt til "off-balance" finansielle instrument som lånetilsegn, unytta kreditt og garantiar. Sjå note 6-13 for vurdering av kredittrisiko.

Klassifisering

Sogn Sparebank nyttar ein sannsynleg (PD – probability of default) risikoklassifiseringsmodell på alle kundar der det er risiko for tap for banken. Det betyr at alle kundar med lån, kreditt eller garantiar blir risikoklassifisert. Risikoklassifiseringsmodellane er delt i to hovudmodellar – ein for personmarknad og ein for bedriftsmarknad. Hovudmodellane er igjen delt i ulike undermodellar. Det vert òg gjort eit modell skilje mellom eksisterande og nye kundar. Risikoklassifiseringsmodellen som banken nyttar bereknar

sannsynleg mislighald for kunden i løpet av dei neste 12 månadane.

Sannsynleg misleghald blir brukt som mål på kredittkvalitet. Banken deler porteføljen inn i ti risikoklassar, basert på PD for kvart kredittengasjement. Sjå tabell. Kredittforringa engasjement (steg 3) er gjeve ein PD på 100 prosent. Banken sin porteføljе er inndelt etter risikoklassar. Dette er presentert i note 6.

Risiko -klasse	Sannsyn for misleghald frå	Sannsyn for misleghald frå
1	0,00 %	0,10 %
2	0,10 %	0,25 %
3	0,25 %	0,50 %
4	0,50 %	0,75 %
5	0,75 %	1,25 %
6	1,25 %	2,00 %
7	2,00 %	3,00 %
8	3,00 %	5,00 %
9	5,00 %	8,00 %
10	8,00 %	100,00 %

3. Bruk av estimat og skjønnsmessige vurderingar

Estimat og skjønnsmessige vurderingar blir vurdert fortløpande og er basert på historisk erfaring og andre faktorar. For rekneskapsføremål nyttar banken estimat og forventningar om framtida.

Estimat av rekneskapen kan fråvike dei oppnådde resultata, men dei er basert på beste estimat på tidspunktet for ferdigstilling av rekneskapen. Estimata og forventningane har betydeleg risiko for vesentleg å påverke balanseført verdi av eigendelar eller forpliktingar, og er behandla nedanfor. Nedanfor går vi gjennom dei mest vesentlege skjønnsmessige vurderingane, som banken si leiing legg til grunn når rekneskapen vert avlagt.

Nedskriving på utlån og garantiar

Banken sine system for risikoklassifisering er omtala under risikostyring. Banken gjer individuell vurdering av nedskrivingsbehovet dersom det ligg føre tap av verdi på enkeltengasjement, og dersom tapet kan føre til redusert framtidig kontantstraum til betening av engasjementet. Døme på tap av verdi vil vere misleghald, konkurs, likviditet eller andre vesentlege finansielle problem.

Nedskrivingar i steg 3 blir berekna som skilnaden mellom lånet sin bokførte verdi og noverdien av diskontert forventa kontantstraum basert på effektiv rente.

Andre nedskrivingar i steg 1 og 2 baserer seg på tapsestimat berekna med grunnlag på 12 månaders og livslang sannsynleg misligheld (probability of default – PD), tap ved misleghald (loss given default – LGD) og eksponering ved mislighald (exposure at default – EAD).

Sjå note 13 for sensitivitetsberekningar.

Verkeleg verdi i ikkje-aktive marknader

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje er notert i ein aktiv marknad (nivå 2 og 3) er verdsett ved bruk av verdsettingsteknikkar. Slike verdsettingar vil vere hefta med usikkerheit. Verdsettingsteknikkar som er nytta for å bestemme verkeleg verdi er vurdert periodisk opp mot utvikling i verdi av liknande instrument, og gjennomførte transaksjonar i same papir. I den grad det er praktisk mogeleg nyttast reelle data.

Sjå note 13 for sensitivitetsberekningar.

4. Kapitaldekning

EU sin bankpakke kom i kraft i Noreg frå 01.06.2022. Bankpakken innførte ein utvida SMB-rabatt, som har hatt ein effekt på om lag 0,2% i auka rein kjernekapitaldekning. Andre forhold frå innføringa av bankpakken har hatt uvesentleg påverknad på kapitaldekninga.

	Morbank		Konsolidert kapitaldekning inkl. andel samarb.gruppe	
Tal i tusen kroner	2023	2022	2023	2022
Bokført eigenkapital	1.093.338	1.069.764	1.079.359	1.065.615
- Fondsobligasjonar klassifisert som eigenkapital	0	-40.000	-7.503	-49.441
- Avsett utbytte	-9.488	-6.325	-6.325	-6.325
- Avsett til gåvetildeling	-7.500	-5.900	-7.500	-5.900
- Frådrag for forsvarleg verdsetting	-619	-741	-985	-974
- Frådrag for immaterielle eigendelar			-1.021	-750
- Frådrag for investering i Vipps/Eika VBB	-17.611	-15.786	-17.925	-16.049
- Frådrag for vesentlege investeringar			-6.086	-6.229
- Frådrag for ikkje vesentlege investeringar i finansiell sektor	-152.079	-144.857	0	0
Rein kjernekapital	**906.041**	**856.156**	**1.032.014**	**979.947**
Fondsobligasjonar		40.000	7.503	49.441
Frådrag i kjernekapital	0	0		0
Sum kjernekapital	**906.041**	**896.156**	**1.039.516**	**1.029.388**
Tilleggskapital - ansvarleg lån	0	0	10.110	11.220
Frådrag i tilleggskapitalkapital				
Netto ansvarleg kapital	**906.041**	**896.156**	**1.049.626**	**1.040.608**

	Morbank		Konsolidert kapitaldekning inkl. andel samarb.gruppe	
	2023	2022	2023	2022
Eksponeringskategori (vekta verdi)				
Statar	0	0	0	0
Lokal regional styresmakt	49	49	14.424	21.235
Offentlege føretak	0	0	0	0
Institusjonar	199	32.745	15.003	54.376
Føretak	153.166	153.695	163.164	168.669
Massemarknad			55.055	51.324
Pantesikra eigedom	2.592.135	2.346.186	2.898.912	2.691.429
Forfalne engasjement	127.883	51.560	131.000	53.537
Høgrisiko	13.026	148.586	13.026	148.586
Obligasjonar med fortrinnsrett	1.003	5.520	9.348	14.916
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	126.642	52.238	126.642	52.238
Andelar verdipapirfond	22.692	59.294	24.594	61.252
Eigenkapitalposisjonar	216.420	237.256	273.181	285.702
Andre engasjement	131.528	231.467	140.702	239.476
CVA-tillegg			11.499	14.873
Andre risikoeksponeringar			5.015	5.899
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	352.225	300.233	372.915	319.959
Sum berekningsgrunnlag	**3.736.968**	**3.618.829**	**4.254.481**	**4.183.471**
Rein kjernekapitaldekning %	**24,25%**	**23,66%**	**24,26%**	**23,42%**
Kjernekapitaldekning %	**24,25%**	**24,76%**	**24,43%**	**24,61%**
Kapitaldekning %	**24,25%**	**24,76%**	**24,67%**	**24,87%**
Uvekta kjernekapitaldekning (Leverage Ratio) %	**11,65%**	**12,22%**	**11,51%**	**11,66%**

Konsolidering av samarbeidande grupper

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigardel i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigardel på 2,25 % i Eika Gruppen AS og på 1,04 % i Eika Boligkreditt AS.

Banken sine kapitalkrav

Banken har blitt underlagt eit Pilar 2-krav på 3,0 % som gjeld frå 30.06.2022. Banken har eit kapitalmål på 20 % på rein konsolidert kjerne-kapital. Banken sitt minstekrav til leverage ratio er på 5 % av eksponeringsbeløpet. Då banken har størst del av eksponerings-beløpet i det konsoliderte kravet til leverage ratio, blir kravet sett på konsolidert basis til 5 %. Dette er ei forenkling. Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjerne-kapital, kjernekapital, ansvarleg kapital på konsolidert nivå.
Sjå note 5 for meir informasjon.

5. Risikostyring

Banken sine forretningsaktivitetar fører til at verksemda er eksponert for ei rekkje finansielle risikoar. Banken si målsetting er å oppnå ein balanse mellom avkastning og risiko, og å minimalisere potensielle negative verknader på banken sitt finansielle resultat.

Banken si finansielle risikostyring er etablert for å identifisere og analysere desse risikoane, samt å etablere passande risikorammer og -kontrollar, og å overvake at reglane vert haldne gjennom bruk av pålitelege og oppdaterte informasjonssystem. Banken vurderer jamleg dei etablerte retningslinjene for risikostyring, og systemet som er etablert for å sikre at endringar i produkt og marknad vert reflektert i risikorammene.

Ansvaret for banken si risikostyring og kontroll er delt mellom banken sitt styre og leiing. Styret vedtek banken sine mål og rammestruktur innanfor alle risikoområde, som retningslinjer for styring av risiko innan kredittgjeving, handel med verdipapir og for renterisiko. Det er fastsett rutinar for rapportering til styret om utviklinga på risiko-områda, og det er vedteke ein eigen finansstrategi. Det er òg utvikla eit eige internkontrollsystem for den totale bankverksemda. Det er fastsett retningslinjer og prinsipp for internkontroll. Administrasjonen har ansvar for å følgje opp den daglege risikostyringa.

Styret er merksam på risikoen ved høg utlånsvekst og kva verknad det kan ha for kapitaldekninga i banken. I tillegg er styret kjend med risikoen knytt til å vere meir avhengig av pengemarknaden. Styret har difor sett seg mål både på kapitaldekninga og likviditeten i banken, og vil treffe tiltak dersom kapitaldekninga og likviditeten kjem under desse måla. Adm. banksjef har ansvaret for den samla risikostyringa i banken. Alle vedtak knytt til risiko og risikostyring vert normalt fatta av adm. banksjef i samråd med andre medlemmar i banken si leiing. Ass. banksjef har ansvar for utvikling av modellar og rammeverk for styring og kontroll i banken. Alle leiarar i banken har ansvar for å styre risiko og sikre god internkontroll innanfor eige område: i tråd med banken sin vedtekne risikoprofil.

Drifta av banken er påverka av ei rekke tilhøve. Særleg innverknad har rente- og kredittrisiko. Andre større risikoar er likviditets- og kursrisiko i verdipapir. Bankverksemda medfører òg operasjonell risiko.

Kredittrisiko

Kredittrisiko vert styrt gjennom banken sin kredittstrategi. Det er utarbeidd kreditthandbok med policyar, rutinar og administrativ fullmaktsstruktur for styring av kredittrisiko. Kreditthandboka klargjer mellom anna krav til dokumentasjon og betjeningsevne for kundar som får innvilga kreditt og krav til trygd for engasjementa. Risiko i porteføljen blir kontinuerleg overvaka for å avdekka sannsynet for misleghald, og for å kalkulere tap dersom misleghald inntreff.

Kredittrisikoen til banken er hovud-sakleg små enkeltrisikoar mot privat- og bedriftskundemarknaden. Etablert risikohandtering skal sikre at kreditt-risiko er i samsvar med banken sin risikovilje. Sjå note 2 for definisjonar og prinsipp.

Trygd

Verdien av deponert trygd skal vere tilstrekkeleg til å sikre engasjementet ved eventuell realisering, både på kort og lang sikt. Sikkerheitsobjekt

som er ukjende for banken, skal dokumentera verdien sin gjennom offentleg takst eller meklarvurdering der det er relevant.

Som trygd for banken si utlåns-portefølje blir det hovudsakleg nytta:

- pant i fast eigedom
- registrerbart lausøyre, landbruks-lausøyre og driftslausøyre
- fordringar og varelager
- pant i bankinnskot
- kausjon

Generelt vert det kravd trygd for alle typar lån, med unntak av lønskontokreditt.

Konsentrasjonsrisiko

Med omsyn til banken sin marknadsdel, er eksponeringa spreidd geografisk, sjå note 7. For å sikre diversifisering, er det gitt rammer for eksponering i bransjar, fylke og per kunde. Banken er ikkje generelt eksponert mot få, store næringskundar, sjå note 12 for talfesting av store engasjement.

Engasjementsstorleik

Eit engasjement er definert som kunden sitt utlån, garantiar og unytta trekkrammer. Det utgjer banken sin maksimale kreditt-risiko. Totale engasjement kjem fram i note 12 fordelt på sektorane næring og privat. Store engasjement blir rapportert på eigne lister og rapportar til styret. Administrasjonen har ansvar for å følgje opp utviklinga i store engasjement. Banken si utlåns-verksemd vert styrt av adm. banksjef.

Kredittrisiko på verdipapir

Banken ynskjer at porteføljen av finansielle instrument skal ha ein låg kredittrisikoprofil. Det blir fortrinnsvis investert i obligasjonar med fortrinnsrett, bankar, solide føretak og stat og statsgaranterte føretak. Kredittkvaliteten vert vurdert som tilfredsstillande. Banken har ikkje investeringar i verdipapir i framand valuta. Sjå note 2 for definisjonar og prinsipp, og note 6-13 for vurdering av kredittrisiko.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko kan enkelt forklarast som banken si evne til å gjere opp eiga gjeld ved forfall. Når banken sine lånekundar ynskjer ei langsiktig finansiering, og banken sine innskotskundar vil disponera innskota sine med kort varsling, har banken ein likviditetsrisiko. Finansiering av dette gapet er gjort ved at banken har teke opp lån i den opne marknaden og avtalt trekkramme med DNB Bank ASA. Banken skal ikkje ha langsiktig trekkrett.

Banken sine rammer og retningslinjer for likviditetsrisiko speglar banken sin konservative risikoprofil på området. Banken sine innskot består primært av innskot frå heilkundar i banken sitt marknadsområde. Likviditetssituasjonen for banken er vurdert tilfredsstillande. Utviklinga av likviditetsrisikoen blir månadleg rapportert til styret, som karakteri-serer risikoen som tilfredsstillande. Sjå årsmeldinga for skildring av banken si styring av risiko, og note 14 for vurdering av likviditetsrisiko.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risikoen for tap og vinst i marknadsparameter som rente, valutakursar, aksje- eller råvareprisar. Marknadsrisiko er knytt til opne posisjonar i rente-, valuta og aksjeprodukt som er eksponert mot endra marknadsprisar i volatiliteten i prisar som rente-satsar, kredittspreader, valutakursar og aksjeprisar.

Marknadsrisiko som banken står overfor, er hovudsakeleg renterisiko og inkluderer potensielle svingingar i verdien av fastrenteinstrument eller finansielle instrument knytt til ein marknadsbenchmark (NIBOR flytande pengemarknadsrente) som følgje av endringar i marknadsrenter, og i framtidige kontantstraumar for finansielle instrument til flytande rente. Prisrisiko kjem av endringar i marknadsprisar, enten som følgje av spesifikke faktorar knytt til eit individuelt finansielt instrument eller utstedar, eller faktorar som påverkar alle instrument handla i ein marknad. Det kan til dømes handle om endringar i prisar eller volatilitet på aksjar eller aksje-indeksar. Rentepapir, aksjar og aksjefond er eksponert for denne risikoen. Det mest vesentlege av marknadsrisiko relaterer seg til verdipapirmarknaden representert ved eigne verdipapirbehaldningar. Hovudtyngda av porteføljen til banken er plassert i likvide obliga-sjonar med avgrensa risiko for store fall i marknadsverdien. Forvaltninga er underlagt rapporterings- og posisjonsrammer fastlagt av styret. Rammene skal avgrense risikoen, og desse rammene blir gjennomgått minst ein gong i året. Sjå note 17 og 18 for vurdering av marknadsrisiko.

Prisrisiko

Banken sin samla prisrisiko blir vurdert ut i frå stressscenario utarbeidd i tråd med tilrådingar frå Finanstilsynet.

Valutarisiko

Valutaeksponeringa til banken er låg. Banken har ikkje valutalån.

Renterisiko

Banken er òg eksponert for renterisiko knytt til tap av rentenetto. Risikoen kjem fram som resultat av ulik rentebindingstid på ulike aktiva- og passivapostar i og utanfor balansen. Desse er obligasjonar, utlån til kundar, garantiar, innskot og verdipapirgjeld. Ei endring i marknadsrenta vil gi auke eller reduksjon i banken sin rentenetto som følgje av det. Sjå note 18 for talfesting av sensitivitet ved 1 % renteendring. Renteberande verdipapirplasseringar, utlån, innskot frå kundar, finansinstitusjonar og låneopptak i marknaden er alle knytt til flytande rente. Utanom balansepostar, gjeld det banken sitt løpande garantiansvar som er knytt til flytande rente. Renterisikoen blir kvartalsvis rapportert til styret. Ulik rentebinding og referanserenter på utlån og innlån gir utslag på rentenetto i banken. Renterisiko blir redusert ved at innlån og utlån i høg grad blir tilpassa same rentevilkår.

Operasjonell risiko

Den operasjonelle risikoen til banken er risiko for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande prosessar eller system, menneskelege feil, eksterne hendingar og juridisk risiko. Denne type risiko og kjelder til tap ligg i den løpande drifta av banken. Banken har utarbeidd policyar, rutinar, fullmaktsstrukturar med vidare, som saman med veldefinerte og klare ansvarsforhold, er tiltak som reduserer den operasjonelle risikoen.

Styring av operasjonell risiko tek utgangspunkt i banken sin policy for operasjonell risiko og internkontroll. Det blir gjennomført risikovurderingar på overordna nivå. Hendingar som har påverka eller kan påverke banken si lønnsemd og/eller omdømme vert følgt systematisk opp. Det vert årleg gjort ein omfattande gjennomgang av operasjonelle risikoar og kontrolltiltak: løpande vurderingar av operasjonelle risikohendingar og iverksett risikoreduserande tiltak ved behov. Det er kvartalsvis rapportering av operasjonelle tapshendingar og internkontrollavvik til leiing og styret.

Forretningsrisiko

Strategisk/forretningsmessig risiko er risikoen for at verdiane av gjeld og eigendelar vert endra på grunn av endringar i eksterne forhold som marknadssituasjon eller reguleringar frå styresmaktene. Risikoen inkluderer òg omdømerisiko. Dette krev ei kontinuerleg vurdering av konkurransesituasjonen, banken sine produkt og endringar i banken sine rammevilkår. Styring og kontroll med banken sin forretningsrisiko er basert på banken sine policydokument vedtekne av styret. Alle tilsette i banken er pålagt å bidra til at kundane sine behov og rettar blir ivareteke på ein tilfredsstillande måte, med god fagleg og ryddig kundehandtering som sikrar at kundane kan ta bevisste og velinformerte val.

Kapitalforvaltning

Målet til banken vedkomande kapitalforvaltning er å sikre framleis drift for å gi eigenkapitalbeviseigarane og kapitalfondet i banken ei god avkastning, og oppretthalde ein optimal kapitalstruktur for å redusere kapitalkostnadane. På denne måten kan banken gi utbyte på eigenkapitalbevis og bidra til utvikling av lokalsamfunna banken er ein del av.

Gjennom lovverket, er banken underlagt eit regelverk for minstekrav til kapitaldekning og soliditet. CEBS har utarbeidd retningslinjer for prosessar for styring av risiko og kapitalbehov i form av ICAAP. Styret har ansvaret for å initiere ICAAP-prosessen og kapitalplanleggingа, og set mål for eit kapitalnivå som er tilpassa banken sin risikoprofil og forretningsmessige rammevilkår. ICAAP-prosessen er ein integrert del av banken si samla risikostyring. Sjølv om Sogn Sparebank prisar inn ein forventa tapskostnad, må banken ha kapitalreservar for å dekke uventa tap. Gjennom ICAAP vert risikojustert kapital utrekna for alle risikoområde, og banken gjennomfører stresstesting for å identifisere forhold som kan påverke risikobildet og kapitaldekninga i negativ retning. Risikojustert kapital angir kor stort tap som kan oppstå under ekstreme forhold, og er ein sentral storleik i vurderinga av banken sitt behov for eigenkapital for å drive verksemda på ein forsvarleg måte. Den risikojusterte kapitalen og lovmessige minstekrav vert samanhalden mot banken sin faktiske eigenkapital. Banken skal ha ein spreidd forfallsstruktur på innlåna sine. Kravet til LCR frå styresmaktene er 100 % pr, medan banken sin policy seier at banken skal ha ein LCR lik 110 %. Banken hadde LCR på 226 % per 31.12.23. Den ansvarlege kapitalen består av rein kjernekapital og anna kjernekapital (hybridkapital). Av resultatet som går til eigenkapitalbeviseigarane tek Sogn Sparebank sikte på at om lag 50 % av resultatet i høve til eigarbrøken vert utbetalt som utbyte, og resten vert lagt til utjamningsfondet. Resten av overskotet blir fordelt med omlag 90 % til sparebanken sitt fond, og omlag 10 % av resultatet blir tilført gåvefondet for tildelingar til allmennnyttige føremål.

Pr 31.12.23	Sogn Sparebank	Krav frå styresmaktene
Rein kjernekapital	24,25 %	15,70 %
Kjernekapital	24,25 %	19,20 %

ESG risiko

Risiko relatert til miljø, samfunnsansvar og selskapsstyring inngår i ESG risiko. Også klimarisiko omfattar risiko for auka kredittrisiko og finansielle tap for banken som følgje av klimaendringar. Banken føretek årleg gjennomgang av risiko der ESG og klimarisiko inngår. ESG-risiko er først og fremst relatert til bedriftsmarknaden og er ein del av kredittprosessen ved utlån. Det er både relatert til fysisk risiko, men også overgangsrisiko frå dagens situasjon til eit lågutsleppsamfunn.

Banken er lite eksponert mot mellom anna olje- og gassnæringa. Banken ser på bygg og anlegg og landbruk som dei sektorane som har høgst klimarisiko i banken sin porteføljе. Samstundes er det mykje teknologisk utvikling og store moglegheiter for positiv påverknad i desse bransjane.

Compliance (etterleving)

Compliancerisiko er risikoen for at banken pådreg seg offentlege sanksjonar/bøter eller økonomiske tap som følgje av manglande etterleving av lover og forskrifter. Banken vektlegg gode prosessar for å sikre etterleving av gjeldande lover og forskrifter. Styret vedtek banken sin compliance-policy som skildrar hovudprinsippa for ansvar og organisering. Styret får også kvartalsvise compliancerapportar og med punkt for oppfølging. Det blir kontinuerleg arbeida med å vurdere beste tilpassing til nye reguleringar og nytt regelverk for både å ivareta etterleving og effektivitet i organisasjonen. Dette blir fortløpande inkludert i rutinar og retningslinjer.

Aktiviteten på complianceområdet er stor med stadig aukande krav, særleg knytt opp mot krava innan kvitvasking og personvern. Banken jobbar aktivt for å informere alle banken sine tilsette om implementering av rutinar og retningslinjer for å sikre etterleving, samt for å vidareutvikle heile organisasjonen sin kompetanse på området.

6. Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet

2023

Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet	Brutto utlån				
Pr. klasse finansielt instrument:	**Steg 1**	**Steg 2**	**Steg 3**	**Difor utlån til verkeleg verdi***	**Sum utlån**
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	4.734.156	24.394	0		4.758.550
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	748.143	233.668	0		981.811
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	90.968	409.113	0		500.082
Kredittforringa (risikoklasse 11-12)	0	0	134.508		134.508
Sum brutto utlån	**5.573.268**	**667.175**	**134.508**	**0**	**6.374.951**
Nedskrivningar	-5.274	-5.853	-24.318		-35.445
Sum utlån til balanseført verdi	**5.567.994**	**661.322**	**110.190**	**0**	**6.339.506**

**Utlån til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader*

Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet	Bedriftsmarknaden				
Pr. klasse finansielt instrument:	**Steg 1**	**Steg 2**	**Steg 3**	**Difor utlån til verkeleg verdi***	**Sum utlån**
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	400.006	1.427	0		401.433
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	285.798	33.667	0		319.465
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	59.228	152.662	0		211.890
Kredittforringa (risikoklasse 11-12)	0	0	97.204		97.204
Sum brutto utlån	**745.032**	**187.755**	**97.204**	**0**	**1.029.991**
Nedskrivningar	-4.503	-2.856	-15.083	0	-22.443
Sum utlån til bokført verdi	**740.529**	**184.899**	**82.121**	**0**	**1.007.549**

**Utlån til verkelig verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader*

Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet	Personmarknaden				
Pr. klasse finansielt instrument:	**Steg 1**	**Steg 2**	**Steg 3**	**Difor utlån til verkeleg verdi***	**Sum utlån**
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	4.334.150	22.967	0		4.357.117
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	462.345	200.001	0		662.347
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	31.741	256.451	0		288.192
Kredittforringa (risikoklasse 11-12)	0	0	37.304		37.304
Sum brutto utlån	**4.828.236**	**479.420**	**37.304**	**0**	**5.344.960**
Nedskrivningar	-771	-2.997	-9.235		-13.003
Sum utlån til bokført verdi	**4.827.465**	**476.423**	**28.070**	**0**	**5.331.957**

**Utlån til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader*

Ubenytta kreditt og garantiar fordelt på nivå for kredittkvalitet	Ubenytta kredittar og garantiar				
Pr. klasse finansielt instrument:	**Steg 1**	**Steg 2**	**Steg 3**	**Ubenytta kreditt og garantiar til verkeleg verdi***	**Sum eksponering**
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	318.059	0	0		318.060
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	38.868	8.757	0		47.626
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	479	7.133	0		7.613
Kredittforringa (risikoklasse 11-12)	0	0	2.601		2.601
Sum ubenyttede kreditter og garantier	**357.407**	**15.891**	**2.601**	**0**	**375.898**
Nedskrivninger	-132	-79	-176		-387
Netto ubenyttede kreditter og garantier	**357.275**	**15.812**	**2.424**	**0**	**375.511**

**Ubenyttede kreditter og garantier til virkelig verdi med verdiendringer over andre inntekter og kostnader*

2022

Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet	Brutto utlån				
Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Herav utlån til virkelig verdi*	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	4.635.817	29.412	0		4.665.229
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	623.605	210.249	0		833.854
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	44.149	341.068	0		385.218
Misleghaldne og tapsutsette (risikoklasse 11-12)	0	0	57.614		57.614
Sum brutto utlån	**5.303.572**	**580.729**	**57.614**	**0**	**5.941.914**
Nedskrivingar	-7.148	-8.489	-16.494		-32.131
Sum utlån til balanseført verdi	**5.296.423**	**572.240**	**41.120**	**0**	**5.909.784**

**Utlån til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader*

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet	Bedriftsmarknaden				
Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Difor utlån til verkeleg verdi*	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	406.902	4.704	0		411.606
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	276.695	77.122	0		353.817
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	4.451	151.829	0		156.280
Kredittforringa (risikoklasse 11-12)	0	0	33.271		33.271
Sum brutto utlån	**688.048**	**233.656**	**33.271**	**0**	**954.974**
Nedskrivninger	-5.567	-5.491	-6.589		-17.647
Sum utlån til bokført verdi	**682.481**	**228.165**	**26.682**	**0**	**937.328**

**Utlån til virkelig verdi med verdiendringer over andre inntekter og kostnader*

Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet	Personmarknaden				
Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Difor utlån til verkeleg verdi*	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	4.228.915	24.708			4.253.622
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	346.910	133.127			480.037
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	39.698	189.239			228.938
Mislighaldne og tapsutsette (risikoklasse 11-12)			24.343		24.343
Sum brutto utlån	**4.615.524**	**347.073**	**24.343**	**0**	**4.986.940**
Nedskrivingar	-1.581	-2.998	-9.905		-14.484
Sum utlån til bokført verdi	**4.613.942**	**344.076**	**14.438**	**0**	**4.972.456**

**Utlån til virkelig verdi med verdiendringer over andre inntekter og kostnader*

Ubenytta kreditt og garantiar fordelt på nivå for kredittkvalitet	Ubenytta kredittar og garantiar				
Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Ubenytta kredittar og garantiar til verkeleg verdi*	Sum eksponering
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	420.945				420.945
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	63.869	30.009			93.878
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	9.658	13.261			22.918
Mislighaldne og tapsutsette (risikoklasse 11-12)			1.765		1.765
Sum ubenyttede kreditter og garantier	**494.471**	**43.270**	**1.765**	**0**	**539.506**
Nedskrivingar	-276	-235	-107	0	-618
Netto ubenytta kredittar og garantier	**494.195**	**43.035**	**1.658**	**0**	**538.888**

**Ubenytta kredittar og garantier til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader*

7. Fordeling av utlån

Utlån fordelt på fordringstypar	2023	2022
Kasse-, drifts- og brukskredittar	355.040	410.855
Byggelån	87.622	99.157
Nedbetalingslån	5.932.289	5.431.902
Brutto utlån og fordringar på kundar	**6.374.951**	**5.941.914**
Nedskrivingar steg 1	-5.274	-7.148
Nedskrivingar steg 2	-5.853	-8.489
Nedskrivingar steg 3	-24.318	-16.494
Netto utlån og fordringar på kundar	**6.339.506**	**5.909.784**
Utlån formidla til Eika Boligkreditt AS	768.540	882.500
Utlån inkl. Eika Boligkreditt AS	**7.108.046**	**6.792.284**

Brutto utlån fordelt på marknad	2023	2022
Region Sogn	3.914.727	3.890.305
Landet elles	2.460.224	2.051.609
Sum	**6.374.951**	**5.941.914**

8. Misleghaldne og andre kredittforringa engasjement

2023

Fordelt etter sektor/næring	Brutto kredittforringa engasjement	Nedskriving steg 3	Netto kredittforringa engasjement
Personmarknad	37.304	-9.235	28.070
Næringssektor fordelt:			
Primærnæringar	0	0	0
Industri og bergverk	733	-558	174
Kraftforsyning	0	0	0
Bygg og anleggsverksemd	44.923	-1.81	43.112
Varehandel	2.307	-1.654	653
Transport	17.065	-4.793	12.272
Overnattings- og serveringsverksemd	1.314	-581	733
Informasjon og kommunikasjon	0	0	0
Omsetning og drift av fast eiendom	28.333	-5.582	22.751
Tenesteytande verksemd	1.995	-134	1.861
Sum	**133.973**	**-24.347**	**109.626**

2022

Fordelt etter sektor/næring	Brutto kredittforringa engasjement	Nedskriving steg 3	Netto kredittforringa engasjement
Personmarknad	24.344	9.905	14.439
Næringssektor fordelt:			
Jordbruk, skogbruk, fiske	0	0	0
Industri	381	227	154
Bygg og anlegg	4.475	358	4.117
Varehandel	2.899	1.792	1.106
Handel, hotell, transport, tenester	21.166	3.221	17.945
Finansiering, eigedomsdrift	5.705	99	4.714
Offentleg forvaltning og andre	0	0	0
Sum	**58.969**	**16.494**	**42.476**

Kredittforringa engasjement	2023	2022
Brutto misleghaldne lån - over 90 dagar	54.596	27.714
Nedskriving steg 3	-7.551	-9.006
Netto misleghaldne lån	**47.045**	**18.709**
Andre kredittforringa engasjement	79.378	31.255
Nedskrining steg 3	-16.796	-7.488
Netto andre kredittforringa engasjement	**62.581**	**23.767**
Netto misleghaldne og andre kredittforringa engasjement	**109.626**	**42.476**

Banken har 2,7 mill. kroner i engasjement i steg 3 hvor det ikke er foretatt nedskrivning grunnet verdien på sikkerhetsstillelsen. Tilsvarende tall for 2021 var 7,9 mill. kroner.

Betalingslette er endring i avtalte vilkår som er innvilga fordi kunden har økonomiske vanskar, og som ikkje ville blitt innvilga dersom kunden var i ein betre økonomisk situasjon.

	Brutto utlån		Unytta kreditter		Nedskrivning	
Engasjement med betalingslette	**2023**	**2022**	**2023**	**2022**	**2023**	**2022**
Betalingslette som ikkje er misleghalde (steg 2)	98.150	100.746	76	156	1.642	759
Betalingslette som er misleghalde (steg 3)	35.621	12.651	0	0	9.389	1.518
Sum betalingslette	**133.771**	**113.397**	**76**	**156**	**11.031**	**2.277**
Herav personmarknad	*46.230*	*46.602*	*0*	*0*	*4.049*	*1.849*
Herav bedriftsmarknad	*87.541*	*66.795*	*76*	*156*	*6.982*	*1.823*

Kredittforringa engasjement fordelt etter trygd

	2023		2022	
Tal i tusen kroner	**Beløp**	**%**	**Beløp**	**%**
Utlån med pant i bustad	104.194	77,8 %	21.370	36,2 %
Utlån med pant i anna trygd	27.870	20,8 %	30.452	51,6 %
Utlån til offentleg sektor	0	0,0 %		0,0 %
Utlån utan trygd	1.909	1,4 %	7.147	12,1 %
Ansvarleg lånekapital	0	0,0 %		0,0 %
Sum kredittforringa engasjement	**133.973**	**100%**	**58.969**	**100%**

9. Forfalne og kredittforringa utlån

	Forfalne utlån	Under 1 mnd.	t.o.m. 3 mnd.	t.o.m. 6 mnd.	t.o.m. 12 mnd.	Over 1 år	Forfalne utlån	Kreditt-forringa lån	Trygd for forfalne lån	Trygd for andre kreditt-forringa lån
2023										
Privatmarknaden	5.297.804	12.691	10.103	9.016	4.382	10.963	47.156	12.943	20.978	2.707
Bedriftsmarknaden	970.247	22.857	6.976	18.973	10.530	407	59.744	66.434	3.635	14.727
Totalt	**6.268.051**	**35.548**	**17.080**	**27.989**	**14.913**	**11.370**	**106.900**	**79.378**	**24.613**	**17.434**
2022										
Privatmarknaden	4.966.457	0	0	3.529	3.322	13.631	20.483	24.343	18.947	0
Bedriftsmarknaden	952.469	203	0	2.082	0	221	2.505	33.271	4.635	22.627
Totalt	**5.918.927**	**203**	**0**	**5.611**	**3.322**	**13.852**	**22.988**	**57.614**	**23.582**	**22.627**

Brutto utlån fordelt etter trygd

	2023		2022	
Tal i tusen kroner	**Beløp**	**%**	**Beløp**	**%**
Utlån med pant i bustad	5.786.157	90,8 %	4.945.418	83,7 %
Utlån med pant i anna trygd	532.704	8,4 %	857.945	15,5 %
Utlån til offentleg sektor		0,0 %		0,0 %
Utlån utan trygd	56.090	0,9 %	138.551	0,8 %
Ansvarleg lånekapital		0,0 %		0,0 %
Brutto utlån	**6.374.951**	**100%**	**5.941.914**	**100%**

10. Eksponering på utlånsengasjement

2023 Tal i tusen kroner	Brutto utlån	Ned-skriving steg 1	Ned-skriving steg 2	Ned-skriving steg 3	Unytta trekk-rettar	Garantiar	Ned-skriving steg 1	Ned-skriving steg 2	Ned-skriving steg 3	Maks kreditt-eksponering
Lønstakarar	5.344.941	-771	-2.997	-9.235	246.703	1.239	-12	-5	0	5.579.864
Næringssektor fordelt:										
Jordbruk, skogbruk, fiske	86.496	-29	-2	0	14.821	276	-3	-0	0	101.558
Industri	97.624	-40	-204	-555	2.336	2.915	0	-30	-3	102.042
Bygg og anlegg	182.304	-218	-559	-1.770	19.351	22.315	-87	-3	-42	221.291
Handel, hotell, transport, tenester	234.487	-427	-1.040	-7.177	34.130	9.352	-26	-23	-132	269.144
Finansiering, eigedomsdrift	411.360	-3.786	-1.050	-5.582	16.871	5.310	-4	-17	0	423.102
Offentleg forvaltning og andre	17.741	-3	0	0	279	0	0	0	0	18.016
Sum	**6.374.951**	**-5.274**	**-5.853**	**-24.318**	**334.491**	**41.407**	**-132**	**-79**	**-176**	**6.715.017**

2022 Tal i tusen kroner	Brutto utlån	Ned-skriving steg 1	Ned-skriving steg 2	Ned-skriving steg 3	Unytta trekk-rettar	Garantiar	Ned-skriving steg 1	Ned-skriving steg 2	Ned-skriving steg 3	Maks kreditt-eksponering
Lønstakarar	4.986.940	-1.581	-2.998	-9.905	288.269	10.798	-18	-38	-86	5.271.381
Næringssektor fordelt:										
Jordbruk, skogbruk, fiske	91.539	-34	-33	0	14.426	526	-2	-8	0	106.414
Industri	79.002	-222	-83	-227	2.570	413	-7	0	-22	81.425
Bygg og anlegg	175.727	-300	-2.186	-358	52.102	36.393	-117	-115	0	261.146
Handel, hotell, transport, tenester	58.410	-221	-243	-5.013	44.510	4.278	-39	-19	0	101.663
Finansiering, eigedomsdrift	492.626	-4.345	-2.619	-991	67.594	7.663	-84	-51	0	559.794
Offentleg forvaltning og andre	57.670	-445	-327	0	5.034	3.492	-9	-4	0	65.411
Sum	**5.941.914**	**-7.148**	**-8.489**	**-16.494**	**474.506**	**63.563**	**-276**	**-235**	**-108**	**6.447.234**

11. Nedskrivingar på utlån, unytta kredittar og garantiar

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på misleghaldssannsyn (PD) på innrekningstidpunktet, samanlikna med misleghaldssannsyn på balansedagen. Fordelinga mellom stega vert gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivingar og brutto balanseført utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

- Overføring mellom stega som skuldast endring i kredittrisiko, frå 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over levetida til instrumentet i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivingar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivingar ved fråreking av utlån, unytta kredittar og garantiar.

Auke eller reduksjon i nedskrivingar som s kuldast endringar i inputvariablar, bereknings-føresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

Etter IFRS 9 er andre utlån til kundar klassifisert til amortisert kost. Nedskriving på unytta kredittar og garantiar er balanseført som gjeldsforplikting i rekneskapen.

31.12.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kundar - personmarknaden	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Nedskrivningar pr. 01.01.2023	1.581	2.998	9.905	14.484
Overføringer mellom steg:				
Overføringar til steg 1	497	-497	0	0
Overføringar til steg 2	-139	139	0	0
Overføringar til steg 3	-152	-215	367	0
Netto endring	-1.220	1.267	1.499	1.546
Endringar som følgjer av nye eller auka utlån	334	251	4	589
Utlån som er frårekna i perioden	-130	-945	-2.540	-3.616
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Andre justeringar	0	0	0	0
Nedskrivningar personmarknaden pr. 31.12.2023	**771**	**2.997**	**9.235**	**13.003**

31.12.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - personmarknaden	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Brutto utlån pr. 01.01.2023	4.615.524	347.073	24.343	4.986.940
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	61.426	-61.426	0	0
Overføringar til steg 2	-264.961	264.961	0	0
Overføringar til steg 3	-5.837	-16.124	21.961	0
Netto endring	-157.672	-6.902	-3.272	-167.846
Nye utlån utbetalt	1.585.705	59.966	12	1.645.683
Utlån som er frårekna i perioden	-1.005.950	-108.128	-5.739	-1.119.817
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 31.12.2023	**4.828.236**	**479.420**	**37.304**	**5.344.960**

31.12.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Nedskrivningar pr. 01.01.2023	5.567	5.491	6.588	17.646
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	456	-456	0	0
Overføringar til steg 2	-71	71	0	0
Overføringar til steg 3	-4	-1.695	1.699	0
Netto endring	-2.055	-295	6.831	4.481
Endringar som følgje av nye eller auka utlån	735	594	239	1.568
Utlån som er frårekna i perioden	-125	-852	-274	-1.252
Konstaterte tap	0	0	0	0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Andre justeringar	0	0	0	0
Nedskrivningar bedriftsmarknaden pr. 31.12.2023	**4.503**	**2.857**	**15.083**	**22.443**

31.12.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Brutto utlån pr. 01.01.2023	688.048	233.656	33.271	954.975
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	44.221	-42.453	-1.768	0
Overføringar til steg 2	-66 682	66 682	0	0
Overføringar til steg 3	-1.615	-69.446	71.061	0
Netto endring	39.244	-4.791	-7.240	27.212
Nye utlån utbetalt	183.070	47.143	453	230.667
Utlån som er frårekna i perioden	-141.253	-43.036	1.426	-182.863
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 31.12.2023	**745.032**	**187.755**	**97.204**	**1.029.991**

31.12.2023	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på ubenytta kredittar og garantiar	**12 mnd. tap**	**Livstid tap**	**Livstid tap**	**Totalt**
Nedskrivningar pr. 01.01.2023	276	235	108	619
Overføringar:				
Overføringar til steg 1	70	-70	0	0
Overføringar til steg 2	-12	12	0	0
Overføringar til steg 3	-3	-23	27	0
Netto endring	-56	-21	-169	-246
Sum innskot kundar	**5.855.278**	**5.563.750**

Gjennomsnittleg rentesats	2,30 %	0,80 %

Innskot fordelt på geografiske område		
Region Sogn	5.168.636	4.470.182
Landet elles	686.642	1.093.568
Sum innskot og andre innlån fra kundar	**5.855.278**	**5.563.750**

Innskotsfordeling		
Lønstakarar	4.057.454	3.919.342
Tenesteytande verksemd	653.651	715.444
Omsetning og drift av fast eiendom	367.328	349.894
Transport	196.785	21.620
Primærnæringar	138.093	131.362
Bygg og anleggsverksemd	93.829	120.167
Varehandel	90.578	79.687
Kraftforsyning	83.824	104.379
Overnattings- og serveringsverksemd	78.382	64.102
Industri og bergverk	46.627	31.050
Informasjon og kommunikasjon	43.102	26.013
Uspesifisert	5.625	690
Sum innskot	**5.855.278**	**5.563.750**

Innskotsfordeling		
Lønstakarar	4.057.454	3.919.342
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	138.093	131.362
Industri	46.627	135.428
Bygg og anlegg	98.829	120.167
Handel, hotell, transport, tenester	744.229	101.307
Finansiering, eigedomsdrift	367.328	555.848
Offentleg forvaltning og andre	402.719	600.296
Sum innskot	**5.855.278**	**5.563.750**

35. Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi 2023	Bokført verdi 2022	Rente-vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån						
NO0010861875	05.09.2019	05.09.2022	200.000		0	3 mnd. NIBOR + 0,42 %
NO0010873912	29.01.2020	03.10.2023	200.000		201.698	3 mnd. NIBOR + 0,52 %
NO0010947377	08.30.2021	16.12.2024	200.000	200.379	200.234	3 mnd. NIBOR + 0,50 %
NO0013010421	11.09.2023	11.09.2025	200.000	200.556		3 mnd. NIBOR + 0,84 %
NO0013010439	11.09.2023	11.09.2026	200.000	200.688		3 mnd. NIBOR + 1,03 %
Sum gjeld stifta ved ferding av verdipapir				**601.623**	**401.932**	

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2022	Emitert	Forfalne/ innløyste	Andre endringar	Balanse 31.12.2023
Gjeld stifta ved utferding av verdipapirer	401.932	400.000	-200.000	-309	601.623
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapirer	**401.932**	**400.000**	**-200.000**	**-309**	**601.623**

36. Anna gjeld og avsetningar

Anna gjeld

	2023	2022
Anna gjeld		
Betalingsformidling	3.269	4.978
Skuldig offentlege avgifter	1.953	279
Skattetrekk	1.809	1.479
Leverandørgjeld	8.475	6.470
Forpliktingar leiekontraktar	8.026	10.447
Tapsavsetninger	387	1.236
Anna gjeld elles	13.097	16.983
Sum anna gjeld og avsetningar	**37.016**	**41.872**

37. Fondsobligasjonskapital

ISIN	Låneopptak	Første call-dato	Pålydande	Bokført verdi 2023	Bokført verdi 2022	Rentevilkår
NO0010824931 - Indre Sogn Sp.bk. 18/Perp FRN C Hybrid	13.06.2018	13.06.2023	40.000	0	40.000	3m Nibor + 405 bp
Fondsobligasjonskapital				0	40.000	

Avtalevilkåra for fondsobligasjonane tilfredsstiller krava i EUs CRR-regelverk, og fondsobligasjonane inngjekk i banken sin kjernekapital for kapitaldekningsformål. Fondobligasjonen vart innløyst i 2023.

Banken har som følge av dette ein einsidig rett til å ikkje betale tilbake renter eller hovudstol til investorane. Dette fører til at fondsobligasjonane ikkje tilfredsstiller vilkåra til finansielle forpliktingar i IAS 32 Finansielle instrument – presentasjon, og blir difor presentert i banken sin eigenkapital. Dette medfører videre at rentene knytt til fondsobligasjonane ikkje blir presentert på rekneskapslinja «Sum rentekostnader», men som en reduksjon i opptent eigenkapital. Fordelen av skattefrådraget for rentene blir presentert som reduksjon av skattekostnaden i resultatrekneskapen.

Endringar i fondsobligasjonskapital i perioden	Balanse 31.12.2022	Emitert	Innløyste	Andre endringar	Balanse 31.12.2023
Fondsobligasjonskapital	40.000		-40.000		0
Sum fondsobligasjonskapital	**40.000**	**0**	**-40.000**	**0**	**0**

38. Eigardelkapital og eigarstruktur

Banken sine eigenkapitalbevis er alle ført i 1 -ein- klasse og utgjer 31.625.000 kroner delt på 632.500 eigenkapitalbevis pålydande 50 kroner. Eigarandelskapitalen er teikna i tre omgangar. Det vart innbetalt 13,25 mill. kroner ved offentleg emisjon i desember 1989. I desember 1996 og i juni 2003 vart eigarandelskapitalen utvida, begge gonger med 25,00 mill. kroner ved offentlege emisjonar. Eigenkapitalbevisa vart noterte på Oslo Børs frå 21.01.1997. Kvar eigenkapitalbevis har 1 -ei- stemme.

Banken sine vedtekter §3-7 har følgjande reglar om røysterett: "Ingen kan på møte for eigenkapitalbeviseigarane avgje stemmer for eigenkapitalbevis som representerer meir enn 10 % av Sogn Sparebank sine totale utferda eigenkapitalbevis."

Utbytepolitikk

Resultatet i Sogn Sparebank vert delt høvesvis mellom sparebanken sitt fond og eigarandelskapitalen. Av resultatet som tilfell eigenkapitalbeviseigarane tek Sogn Sparebank sikte på at minst 50 % av resultatet i høve til eigarbrøken vert utbetalt som utbyte, og resten vert lagt til utjamningsfondet. Resten av overskotet blir fordelt med om lag 90 % til sparebanken sitt fond, og omlag 10 % av resultatet blir tilført gåvefondet som vert gitt til samfunnsnyttige føremål.

I vurderinga av utdeling av året sitt overskot til høvesvis utbyte og gåver, vil det bli lagt vekt på at eigenkapitalbeviseigarane sin del av samla eigenkapital (eigarbrøk) bør haldast stabil.

Eigarandelsbrøk

Eigarandelsbrøken for 2023 er utrekna med utgangspunkt i eigenkapitalfordeling pr. 31.12.2022.

Eigarandelsbrøk, morbank	2023	2022	2021	2020	2019	Avtalt byteforhold 01.04.2019	2018
Eignekapitalbevis	31.625	31.625	31.625	31.625	31.625	31.625	31.625
Overkursfond	32.812	32.812	32.812	32.812	32.812	32.812	32.812
Utjamningsfond	62.765	57.548	51.871	48.669	44.352	41.715	41.961
Andel byteforhold[1]	10.804	10.804	10.804	10.804	10.804	10.804	
Sum eigarandelskapital (A)	**138.006**	**132.789**	**127.112**	**123.910**	**119.593**	**116.956**	**106.398**
Andel byteforhold[1]						152.762	
Sparebankens fond	869.722	797.256	747.276	708 440	685 127	526 682	197 671
Gåvefond	30.378	36.278	34.778	32 978	32 874	30 480	23 417
Grunnfondskapital (B)	**900.100**	**833.534**	**782.054**	**741.418**	**718.001**	**709.924**	**221.088**
Eigarandelsbrøk A/(A+B)	**13,29 %**	**13,74 %**	**13,98 %**	**14,32 %**	**14,28 %**	**14,14 %**	**32,49 %**

[1]Avtalte eigenkapital bevisa sin del av meirverdiar i samband med fusjon mellom Aurland, Vik og Indre Sogn Sparebank den 01.04.2019

Behaldning eigne eigenkapitalbevis	- 673	- 673	- 673	- 673	- 673	- 673	
Fond for urealisert vinst	66.709	74.919	37.853	31 120	36 035	163 226	33 350
Fondsobligasjon	-	40.000	40.000	40 000	40 000	40 000	40 000
Estimatavvik byteforhold	- 10.804	- 10.804	- 10.804	- 10.804	- 10.804	- 163 226	
Sum eigenkapital	**1.093.338**	**1.069.765**	**975.542**	**924.971**	**902.152**	**866.880**	**400.836**

Utbytte og gåvemidlar er ikkje trekt frå kapitalen pr 31.12.2023.

Marknadsinformasjon

Sogn Sparebank vil føra ein open informasjonspolitikk med det føremål å gi eigenkapitalbeviseigarane og verdipapirmarknaden korrekt og relevant informasjon om banken si økonomiske utvikling og stode. Banken utarbeider kvartalsvise rapportar som vert sendt Oslo Børs og marknaden. Sparebanken pliktar å sende årsrapporten til Oslo Børs og gjere den tilgjengeleg for eigenkapitalbeviseigarane. Eigenkapitalbeviseigarar skal ved seinare emisjonar, som hovudregel, ha fortrinnsrett til nyteikning. Emisjonskursen skal setjast slik at teikningsrettane får ein rimeleg verdi. Moglege "retta" emisjonar bør skje til kursar som ikkje fører til reduksjon i eigenkapitalbeviseigarane sine verdiar på sikt.

Bevisa sin likningsverdi for 2023 er sett til 162,00 kroner mot 134,00 kroner pr. 31.12.2022.

Dei 20 største eigenkapitalbeviseigarane

31.12.2023

Navn	Beholdning	Eigarandel
BJØRKEHAGEN AS	60400	9,55 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	38786	6,13 %
WERGELAND HOLDING AS	32830	5,19 %
ØYER VEKST AS	16500	2,61 %
DAHLSTRØM FiINN SVERRE	15525	2,45,%
HAGEBYVEIEN 27 AS	13950	2,21 %
SOGN SPAREBANK	13450	2,13 %
HANØY PER	11300	1,79 %
SEIM LASSE SIGURD	11216	1,78 %
EIKA GRUPPEN AS	11200	1,77 %
HÅPE AS	10000	1,58 %
ÅRDAL KOMMUNE	10000	1,58 %
ØIE ODD REIDAR	9508	1,50 %
KOMMUNAL LANDSPENSJONSKASSE GJENSI	8679	1,37 %
NAGELL MARTIN JAKOB	800	1,26 %
LUSTER SPAREBANK	7600	1,20 %
NORDNET LIVSFORSIKRING AS	7321	1,15,%
WIBORG TORD GEIR	6050	0,96 %
AMBLE INVESTMENT AS	5600	0,88 %
NAMTVEDT LRIDULV ATLE	5575	0,88 %
Sum 20 største	**296290**	**44,37 %**
Øvrige eigenkapitalbeviseigarar	336210	55,63 %
Totalt antall eigenkapitalbevis (pålydande kr 100)	**632500**	**100,00 %**

Eigarstatus

31.12.2023

Behaldning:	Eigenkapital-bevis	I prosent	Tal eigarar	I prosent
1-100	23.907	3,78 %	453	53,04 %
101-1000	111.161	17,57 %	297	34,78 %
1001-10000	272.275	43,05 %	94	11,01 %
10001-100000	225.157	35,60 %	10	1,17 %
Sum	**632.500**	**100,00 %**	**854**	**100,00 %**

31.12.2022

Behaldning:	Eigenkapital-bevis	I prosent	Tal eigarar	I prosent
1-100	23.809	3,76 %	423	52,29 %
101-1000	105.089	16,61 %	280	34,61 %
1001-10000	278.646	44,05 %	96	11,87 %
10001-100000	224.956	35,57 %	10	1,24 %
Sum	**632.500**	**100,00 %**	**809**	**100,00 %**

Dagleg leiing og tillitsvalde som eig eigenkapitalbevis

Styret Namn	2023 Tal bevis	2022 Tal bevis
Ingen styremedlem har direkte eigarskap	0	0
SUM styret	**0**	**0**

Leiande tilsette Namn	2023 Tal bevis	2022 Tal bevis
Mads Arnfinn Indrehus, adm. Banksjef	400	400
Gunnar Skahjem, ass. Banksjef	400	400
SUM Leiande tilsette	**800**	**800**

Generalforsamling Namn	2023	2022
Jan Olav Fretland	450	450
Martin Jacob Nagell	8000	8000
Grzegorz Stefanski	300	300
Frode Andreas Hågvar	300	300
Asgeir Løno	25	25
Kjell Arne Vigdal	1450	
Jarle M. Teigen	500	500
SUM generalforsamling	**11025**	**9575**



39. Resultat før andre inntekter og kostnader som prosent av forvaltningskapitalen og resultat pr. eigenkapitalbevis

Resultat pr. eigenkapitalbevis er utrekna ved å dele årsresultatet som er tilordna banken sine eigenkapitalbeviseigarar med eit vekta gjennomsnitt av tal utferda ordinære eigenkapitalbevis gjennom året.
Eigenkapitalbeviseigarane sin del av resultatet er rekna på grunnlag av resultat etter skatt delt på gjennomsnittleg tal eigenkapitalbevis i rekneskapsåret. Det ligg ikkje føre opsjonsavtalar knytt til eigenkapitalbevisa. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden.

Utbyte pr. eigenkapitalbevis

Framlegg til utbyte vert ikkje ført ut av banken sin eigenkapital før formelt vedtak er fatta i generalforsamlinga. Framlegg til utbyte utgjer 15,00 kroner pr. eigenkapitalbevis.

Resultat pr. eigenkapitalbevis

Ved utrekning av utvatna resultat pr. eigenkapitalbevis, vert vekta gjennomsnitt av tal utferda ordinære eigenkapitalbevis i omløp regulert for effekten av konvertering av alle potensielle eigenkapitalbevis som kan føre til utvatning. Banken har ingen potensielle eigenkapitalbevis som kan føre til utvatning, og utvatna resultat pr. eigenkapitalbevis er det same som ordinært resultat pr. eigenkapitalbevis.

Tal i tusen kroner	2023	2022
Resultat før andre inntekter og kostnader som prosent av forvaltningskapitalen *	1,12 %	0,90 %

* Det er nytta gjennomsnittleg forvaltningskapital i nevner, berekna som gjennomsnittet av forvaltningskapitalen ved månadsslutt for tidspunkta 31.12.2022 - 31.12.2023

Tal i tusen kroner	2023	2022
Resultat etter skatt	85 176	67 293
Renter på fondsobligasjon	-1 899	-2 330
Sum	**83 277**	**64 963**
Eigarandelsbrøk	**13,74 %**	**13,98 %**
Resultat som er tilorda banken sine eigenkapitalbeviseigarar	**11 444**	**9 083**
Vekta gjennomsnitt av antall utferda eigenkapitalbevis	**632,5**	**632,5**
Resultat pr eigenkapitalbevis	**18,09**	**14,36**

40. Garantiar

	2023	2022
Betalingsgarantiar	4.036	10.885
Kontraktsgarantiar	29.631	40.586
Lånegaranti til kredittinstitusjon	1.000	1.000
Andre garantiar	6.741	11.083
Sum garantiar overfor kundar	**41.407**	**63.554**
Garantiar Eika Boligkreditt AS (EBK)		
Garanti overfor Eika Boligkreditt AS (EBK)	10.065	10.955
Sum garantiar overfor Eika Boligkreditt AS	**10.065**	**10.955**
Sum garantiar	**51.473**	**74.509**

	2023		2022	
Garantiar fordelt geografisk	**Kr.**	**%**	**Kr.**	**%**
Region Sogn	40.828	79,3 %	57.491	90,5 %
Landet elles	10.645	20,7 %	6.063	9,5 %
Sum garantiar	**51.473**	**100 %**	**63.554**	**100 %**

Garantiavtale med Eika Boligkreditt

Banken stiller garanti for lån som kundane våre har i Eika Boligkreditt (EBK). EBK har som vilkår at lånet er innanfor 60 % av pante-objektet. Banken sine kundar har pr. 31.12.2023 lån for 768 mill. kroner hjå EBK.

Garantibeløpet til EBK er todelt. Samla tapsgaranti er avgrensa til 1 % av banken sin utlånsportefølje i EBK, minimum 5 mill. kroner eller 100 % av låneporteføljen dersom den er lågare enn 5 mill. kroner. Banken pliktar å dekke 80 % av konstaterte tap på lån i portefølje formidla til EBK, og EBK kan motrekne over-skytande del på 20 % i ubetalte provi-sjonar til alle eigarbankar, proletarisk fordelt ut frå den einskilde bank sin del av utlånsporteføljen på det tidspunkt tap blir konstatert, i ein periode på inntil 12 månader frå tap er konstatert.

Saksgaranti gjeld for heile låne-beløpet frå banken ber om utbetaling til trygd for pantet har oppnådd rettsvern. Banken har ei likviditets-forplikting mot EBK. EBK har i sin risikostrategi krav om at overskotslikviditeten minimum skal dekke 75 % av likviditetsbehovet dei komande 12 månader. I tillegg skal EBK sin overskotslikviditet vere minimum 6 % av innlånsvolumet.

Likviditetsforpliktinga er inngått i ein avtale om kjøp av OMF (Note Purchase agreement). Forpliktinga om kjøp av OMF frå EBK blir berre utløyst dersom marknadssituasjonen er slik at EBK ikkje kan finansiere likviditetsbehovet i OMF-marknaden, og difor må utferde obligasjonar direkte til eigarbankane.
Pr. 31.12.2023 var likviditets-forpliktinga til EBK berekna til 0.
For desse to garantiane mottek banken ein årleg provisjon.
Garantiavtalane er standardavtalar for alle eigarbankane i EBK.

41. Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i notar til rekneskapen.

42. Transaksjonar med nærståande partar

Det har ikkje vore vesentlege transaksjonar med nærståande partar i 2023.

43. Leigeavtaler (der selskapet er leigetakar)

Selskapets leigde eigedelar inkluderer bygningar/kontor, maskiner/utstyr og køyretøy. Selskapet sine bruksrett eigedelar er kategorisert og presentert i tabellen under:

Tal i tusen kroner	2023	2022	2021
Bruksretteigendelar	**Bygningar**	**Bygningar**	**Totalt**
Anskaffelseskost 01.01	17.689	16.704	16.654
Tilgang av bruksretteiendelar	-	5.238	-
Avhendingar	-	4.253	-
Omrekningsdifferansar	-767	-	-
Anskaffelseskost 31.12	**16.922**	**17.689**	**16.654**
Akkumulerte av- og nedskrivningar 01.01	6.567	8.893	6.212
Avskrivningar i perioden	2.648	2.693	2.632
Nedskrivningar i perioden	-	-	-
Avhendingar	-	4.253	-
Akkumulerte av- og nedskrivningar 31.12	**9.215**	**7.333**	**8.844**
Balanseført verdi 31.12	**7.707**	**10.356**	**7.810**
Lågaste av gjenstående leigeperiode eller økonomisk levetid	2,5 år	3 år	0,5 år
Avskrivningsmetode	Lineær	Lineær	Lineær

	2023	2022	2021
Udiskonterte leigeforpliktingar og forfall av betalingar	**Bygningar**	**Bygningar**	**Totalt**
Mindre enn 1 år	-	-	525
1-2 år	-	-	-
2-3 år	2.351	-	-
3-4 år	-	5.788	-
4-5 år	-	-	-
Meir enn 5 år	5.675	4.659	7.132
Totale udiskonterte leieforpliktingar 31.12	**8.026**	**10.447**	**7.657**

	2023	2022	2021
Endringar i leieforpliktingar	**Bygningar**	**Bygningar**	**Totalt**
Totale leigeforpliktingar 01.01.2023	10.447	7.657	10.172
Nye/endra leieforpliktingar innrekna i perioden	-	5.788	-
Betaling av hovudstol	2.803	2.693	2.330
Betaling av renter	382	305	185
Totale leieforpliktingar 31.12.2023	**7.262**	**10.447**	**7.657**

Beløp i resultatrekneskapen	2023	2022	2021
Rente på leieforpliktingar	382	305	185
Avskrivningar på bruksretteigendelar	2.648	2.693	2.632

Banken har leigebetalingar som er kostnadsført på grunn av kortsiktige leigeavtalar og leigeobjekt til låg verdi. Kostnadsført leige i 2023 er 0,54 mill. kr.

Utgåande kontantstraum frå leigeforpliktingar

Leigeavtalane inneheld ikkje restriksjonar i banken sin utbytepolitikk eller finansieringsmogeleg. Konsernet har ikkje vesentlege restverdigarantiar knytt til sine leigeavtalar.

Banken har nytta følgjande praktiske løysingar for leigeavtalar

Banken har vedteke å ikkje rekne inn leigeavtalar der den underliggjande eigendelen har låg verdi, og reknar dermed ikkje inn leigeforpliktingar og bruksrettseigendelar for nokon av desse leigeavtalane. I staden blir leigebetalingane kostnadsførte når dei inntreff. Banken reknar heller ikkje inn leigeforpliktingar og bruksrettseigendelar for kortsiktige leigeavtalar, som presentert i tabellen over.

Banken sine leigeavtalar av bygningar har leigeperiodar som varierer mellom 10 og 20 år. Fleire av avtalane inneheld ein rett til å forlenge som kan utøvast i løpet av avtalen sin siste periode. Ved inngåing av ein avtale vurderer banken om retten til forlenging med rimeleg sikkerheit vil utøvast. Banken har ikkje potensielle framtidige leigebetalingar som ikkje er inkludert i leigeforpliktinga knytt til forlengingsopsjonar pr. 31. desember 2023.

Det vekta gjennomsnittet for marginale lånerente brukt på leigeforpliktingar innrekna i balanseoppstillinga på tidspunktet for førstegongsbruk, dvs. 01.01.2022, var på 3,0 %.

Erklæring frå styret sine medlemmar og dagleg leiar

Me stadfestar at årsrekneskapen for rekneskapsåret 2023, etter vår beste overtyding, er utarbeida i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar og at opplysningar i rekneskapen gjev eit rettvist bilete av banken sine eigendelar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilskap. Me legg til grunn at opplysningane i årsmeldinga gjev ei rettvis oversikt over utviklinga, resultat og stilling for banken, saman med ei skildring av dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorane føretaket står ovanfor.

Årdalstangen den 21. mars 2024

Kristine Grønner Ohnstad (s.)
Styreleiar

Sindre Wergeland (s.)
Nestleiar

Olav Vikøren (s.)

Grethe Hjetland (s.)

Kåre Mentz Lysne (s.)

Marit Røyrvik Eldegard (s.)

Atle Terum (s.)

Marianne Sundal (s.)
Tilsetterepresentant

Halvor Larsen (s.)
Tilsetterepresentant

Mads Arnfinn Indrehus (s.)
Adm. banksjef

Revisjonsmelding

Til generalforsamlinga i Sogn Sparebank

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Sogn Sparebank som er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap, eigenkapitaloppstilling og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna vesentlege opplysningar om rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med IFRS Accounting Standards som godkjent av EU.

Vår konklusjon er konsistent med vår tilleggsrapport til revisjonsutvalet.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Vi er ikkje kjend med at vi har levert tenester som er i strid med forbodet i revisjonsforordninga (EU) No 537/2014 artikkel 5 nr. 1.

Vi vart første gong valt som revisor for Sogn Sparebank i 1986, og har no vore revisor i ein samanhengande periode på 38 år.

Sentrale tilhøve ved revisjonen

Sentrale tilhøve ved revisjonen er dei tilhøva vi meiner var av størst betyding ved revisjonen av årsrekneskapen for 2023. Desse tilhøva blei handtert då revisjonen vart utført og då vi danna oss ei meining om årsrekneskapen totalt sett, og vi konkluderer ikkje særskilt på desse tilhøva.

Banken si verksemd er i stor grad uendra frå 2022. *Verdien av utlån* og *Verdien av ikkje-marknadsbaserte finansielle instrument til verkeleg verdi* ligg på omlag same nivå av kompleksitet og risiko som i 2022, og har som følgje av dette vore fokusområde også i årets revisjon.

Sentrale tilhøve ved revisjonen	Korleis vi i vår revisjon handterte sentrale tilhøve ved revisjonen
Verdien av utlån	
Utlån utgjer ein vesentleg del av eigendelane i balansen. Vurdering av nedskrivingar er basert på eit modellbasert rammeverk med element som krev at leiinga brukar skjønn. Rammeverket er komplekst og omfattar store mengder data og skjønsmessige parameter.	Ved vår revisjon av tapsavsetningane har vi vurdert og testa utforminga og effektiviteten av kontrollar for kvalitetssikring av nytta føresetnader og utrekningsmetodar. Vidare har vi testa detaljar både i avsetningane som er utrekna ved bruk av modellen og i avsetningane som er utrekna individuelt.

PricewaterhouseCoopers AS, Sandviksbodene 2A, Postboks 3984 - Sandviken, NO-5835 Bergen
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap

Vi fokuserte på nedskriving for forventa tap fordi leiinga sitt bruk av skjønn i samband med nedskrivingsvurderingar kan ha vesentleg verknad på både balanseført verdi av utlån og på resultatet i perioden. I tillegg er det ein ibuande risiko for feil på grunn av kompleksiteten og mengda data som vert nytta i modellen.

I samsvar med IFRS 9 skal nedskrivingane på utlån bygge på framoverskuande vurderingar, slik at nedskrivingane reflekterer forventa tap .

Bruk av modellar for å rekne ut venta kredittap omfattar bruk av skjønn. Vi har særleg fokusert på:

- klassifisering av porteføljene etter risiko og type segment,
- identifisering av lån der det har vore ein vesentleg auke i kredittrisikoen,
- korleis låna vert kategorisert i ulike trinn, og
- ulike parameter som tapsgrad, nedbetalingsfaktorar og scenario.

I tillegg vert det gjort individuelle nedskivingar på utlån der det ligg føre objektive indikasjonar på verdifall. Denne vurderinga krev også at leiinga brukar skjønn.

Note 2, 3 og note 5 til note 13 til rekneskapen er relevante for å skildre banken sin tapsmodell og for å skildre korleis bankenestimerer tapsavsetningane.

Vi har opparbeidd oss ein detaljert forståing av prosessen og relevante kontrollar retta mot å sikre:

- kalkulasjon og metode som vart nytta,
- at modellen som vart nytta var i samsvar med rammeverket og at modellen fungerte som den skulle, og
- truverde og presisjonen i data som vart nytta i modellen.

Vår testing av kontrollane ga ingen indikasjon på vesentlege feil i modellen.

For utlån der nedskrivingsbeløp var individuelt utrekna testa vi eit utval ved å vurdere realisasjonsverdien som leiinga hadde lagt til grunn for å underbygge utrekninga av nedskrivingsbeløpet. Vi utfordra dei føresetnadane som leiinga hadde lagt til grunn ved å intervjue kredittmedarbeidarar og leiinga. Vidare testa vi om utlån med individuelle tapsavsetningar var korrekt klassifisert i modellen og vurderte rimelegheita av dei totale tapsavsetningane.

Vi avdekka ikkje vesentlege avvik i vår testing.

Verknaden av endringane i dei makroøkonomiske forholda, under dette og verknaden på individuelle nedskrivingar og modellavsetningar, vart diskutert med leiinga. Vårt arbeid omfatta også testar retta mot banken sine finansielle rapporteringssystem som var relevante for finansiell rapportering.

Banken nyttar eksterne serviceleverandørar for å drifte enkelte sentrale kjerne it-system. Revisor hos dei relevante serviceorganisasjonane er nytta til å evaluere design og effektivitet av og teste etablerte kontrollar som skal sikre integriteten av IT-systema som er relevant for finansiell rapportering. Revisor sin testing omfatta mellom anna om sentrale utrekningar gjort av kjernesystema vart utført i samsvar med forventningane, under dette utrekning av rente og amortiseringar. Testinga omfatta også integriteten av data, endringar av og tilgang til systema.

For å ta stilling til om vi kunne legge informasjonen i revisor sine rapportar til grunn for våre vurderingar, forsikra vi oss om kompetansen og objektiviteten til revisor og gjekk gjennom tilsende rapportar og vurderte mogelege avvik og tiltak. Vi gjennomførte også sjølv testing av tilgangskontrollar til IT-system og arbeidsdeling der det var nødvendig av omsyn til våre eigne konkrete revisjonshandlingar.

Våre vurderingar og testar underbygger at vi kunne legge til grunn at data som vert handtert i - og utrekningar som vert gjort av banken sine kjernesystem var å lite på. Dette var eit nødvendig grunnlag for vår revisjon.

Vi leste notane og fann at informasjonen knytt til tapsmodell, ulike parametre og skjønnsmessige vurderingar var tilstrekkeleg og dekkande.

Verdien av ikkje-marknadsbaserte finansielle instrument til verkeleg verdi

Banken har investeringer i Aurland Ressursutvikling AS og Eika Gruppen AS som er bokført til verkeleg verdi. Vi har fokusert på dette området fordi, investeringene er vesentlege både i forhold til banken sine eigendelar og eigenkapital, og fordi verdiane vert estimert ved hjelp av verdsettingsmodellar som inneheld skjønn.

Investeringane i Aurland Ressursutvikling AS og Eika Gruppen AS er verdsett basert på vurderingar og enkelte føresetnader som ikkje er direkte observerbare i marknaden (nivå 3 investeringar) og vi har derfor fokusert på både vurderingane, kjeldene og dei føresetnadane som ligg til grunn for verdsettinga.

Sjå note 2, note 3, og note 27 som skildrar banken sin verdsetting av finansielle eigendelar som vert målt til verkeleg verdi.

Vi har vurdert verdsettingsprinsippa som banken har nytta og grunnlaget for banken sine vurderingar.

Vi har testet om virkelig verdi var i samsvar med eksterne kilder og underlag. Der det er relevant har vi tatt stilling til truverde av kjeldene som har vore nytta. Våre testar har ikkje avdekka vesentlege avvik.

Vi har også vurdert og funne at noteinformasjon om banken sine verdsettingsprinsipp og fastsetting av verkeleg verdi var tilstrekkeleg og føremålsteneleg.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjonen. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Vår fråsegn om årsmeldinga gjeld og for utgreiingar om føretaksstyring og samfunnsansvar.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med IFRS Accounting Standards som er godkjent av EU. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta, og på tilbørleg måte opplyse om tilhøve av betyding for dette og å bruke føresetnaden om at drifta kan halde fram med mindre leiinga enten har til hensikt å avvikle selskapet eller å avslutte drifta, eller ikkje har noko anna realistisk alternativ.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden er formålstenleg og, basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, krevjes det at vi i revisjonsmeldinga gjer merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje kan halde fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhandet i revisjonen, tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen.

Vi gjev ein uttalelse til revisjonsutvalet om at vi har etterlevd relevante etiske krav til uavhengigheit, og kommuniserer med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkjast å kunne påverke uavhengigheten vår, og, der det er relevant, om iverksette tiltak for å eliminere trugslar eller tekne åtgjerder.

Av dei tilhøva vi har kommunisert med styret, tar vi standpunkt til kva for tilhøve som var av størst betyding for revisjonen av årsrekneskapen for den aktuelle perioden, og som derfor er sentrale tilhøve ved revisjonen. Vi omtaler desse tilhøva i revisjonsmeldinga om ikkje lov eller forskrift hindrar at tilhøvet vert gjort offentleg, eller dersom vi, i ekstremt sjeldne tilfelle, avgjer at eit tilhøve ikkje skal omtalast i revisjonsmeldinga sidan ein må rekne med at dei negative følgjene av ei slik offentleggjering innanfor rimelege grenser oppveg allmenta si interesse av at tilhøvet vert omtala.

Fråsegn om andre lovmessige krav

Fråsegn om etterleving av forskrift om elektronisk rapporteringsformat (ESEF)

Konklusjon
Som ein del av revisjonen av årsrekneskapen for Sogn Sparebank har vi utført eit attestasjonsoppdrag for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsreknskapen som inngår i årsrrapporten med filnamn Sogn Sparebank ESEF 2023.xhtml i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med krava i delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/815 om eit felles elektronisk rapporteringsformat (ESEF-regelverket) etter forskrift gjeve med heimel i verdipapirhandellova § 5-5, som inneheld krav til utarbeiding av årsrapporten i XHTML-format.

Etter vår meining er årsrekneskapen som inngår i årsrapporten i det alt vesentlege utarbeidd i samsvar med krava i ESEF-regelverket.

Leiinga sitt ansvar
Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrapporten i samsvar med ESEF-regelverket. Ansvaret omfattar ein formålstenleg prosess, og slik intern kontroll leiinga finn nødvendig.

Revisor sine oppgåver og plikter
Vår oppgåve er, på grunnlag av innhenta revisjonsbevis, å gje uttrykk for ei meining om årsrekneskapen, som inngår i årsrapporten, i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med krava i ESEF-regelverket. Vi utfører vårt arbeid i samsvar med internasjonal attestasjonsstandard (ISAE) 3000 – «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon». Standarden krev at vi planlegg og utfører handlingar for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krava i ESEF-regelverket.

Som eit ledd i vårt arbeid utfører vi handlingar for å opparbeide forståing for selskapet sine prosessar for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med ESEF-regelverket. Vi kontrollerer om årsrekneskapen er i XHTML-format. Vi meiner at innhenta bevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Bergen, 21. mars 2024
PricewaterhouseCoopers AS

Jon Haugervåg
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

5 / 5

Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

Signers:

Name	*Method*	*Date*
Haugervåg, Jon	BANKID	2024-03-25 16:33

This document package contains:
- Closing page (this page)
-The original document(s)
-The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Tillitsvalde i Sogn Sparebank

Generalforsamling Sogn Sparebank 20.04.23

OFFENTLEG VALDE

MEDLEMER			VARAMEDLEMER		
Geir Ove Kvam	20/23	Aurland	Linda Ure Hylland	20/23	Aurland
Anita Lærum	20/23	Aurland	Steinar Grønsberg	20/23	Aurland
Knut Nedberge	20/23	Aurland			
Kirsti Eklund	22/23	Årdal	Lisa Horpen	21/23	Årdal
Sigmund Solvoll	20/23	Årdal			
Egil Natvik Vestrheim	20/23		Lærdal Knut Opdal	20/23	Lærdal
Roy Egil Stadheim	20/23		Vik Werner Madsgård	20/23	Vik
Marta Sofie Vange	20/23	Vik	Morten Midlang	20/23	Vik
Rune Lunde	20/23	Vik			

KUNDEVALDE

MEDLEMER			VARAMEDLEMER		
Bente Steine	20/23	Aurland	Thomas Rastad	21/24	Aurland
Eva Laastad	21/24	Aurland	Ingvild Åsvang	23/26	Aurland
Bjørn Ebne	22/25	Aurland			
Inga Winjum	23/26	Aurland			
Niels H. Larsen	20/23	Årdal	Kristin Haug Moen	22/25	Årdal
Alf Roger Lereng	21/24	Årdal			
Per Olav Lerøy	23/26	Årdal			
Bente Kristin Øien Hauge	22/25	Lærdal	Inger Bakken	21/24	Lærdal
Arnstein Hove	20/23	Vik	Lars-Magnus Bungum	22/25	Vik
Leentje van der Wal	21/24	Vik	Reidunn Bolstad	23/26	Vik
Bjarne Engum	22/25	Vik			
Per Aase	23/26	Vik			

EIGENKAPITALBEVISEIGARVALDE

MEDLEMER			VARAMEDLEMER		
Jan Olav Fretland - suppleringsval	20/23	EK-bevis	Ole Kristian Asperheim	21/24	EK-bevis
Martin Jakob Nagell	21/24	EK-bevis	Tor Magne Gjerde	22/25	EK-bevis
Grzegorz Stefanski	21/24	EK-bevis	Odd Reidar Øie	23/26	EK-bevis
Frode Andreas Hågvar	22/25	EK-bevis			
Asgeir Løno	22/25	EK-bevis			
Kjell Arne Vigdal	23/26	EK-bevis			
Jarle M. Teigen	23/26	EK-bevis			

TILSETTEVALDE

MEDLEMER			VARAMEDLEMER		
Robert Haugen	21/24	Tilsette	Ragnhild Skahjem Tofastrud	21/24	Tilsette
Catrin Sandnes	21/24	Tilsette	Leif Bungum (suppleringsval)	22/25	Tilsette
Kirsten Asheim (suppleringsval)	22/25	Tilsette	Sander Øvstetun	23/26	Tilsette
Britt Grov Helland	22/25	Tilsette			
Britt Julusmoen Bakk	23/26	Tilsette			
Krister S. Solheim	23/26	Tilsette			

Forkortingar

Kommunevald	KO
Aurland kommune	A
Kundevald	KU
Lærdal kommune	L
Eigenkapitalbeviseigarvald	Ekbevis
Årdal kommune	Å
Tilsettevald	Tilsette
Vik kommune	V
Suppleringsval	S

Generalforsamling Sogn Sparebank

Valnemnder 20.04.23

§ 5-1 Sentral valnemnd for generalforsamlinga sitt val

MEDLEMER			VARAMEDLEMER		
Marta Sofie Vange	22/23	KO	Arnstein Hove	23/24	KU
Sigmund Solvoll	22/23	KU	Per Olav Lerøy	23/24	
Anita Lærum	23/24	KO	Bjørn Ebne	23	
Asgeir Løno	23/24	EK-bevis	Jarle M. Teigen	23	
Britt Julusmoen Bakk	23/24	Tilsette	Catrin H. Sandnes	23	

§ 5-2 Lokale valnemnder for generalforsamlinga sitt val

LOKAL VALNEMND AURLAND

MEDLEMER			VARAMEDLEMER		
Anita Lærum	23/24	KO	1. Ragnhild Skahjem Tofastrud	22/23	Tilsette
Bjørn Ebne	22/23	KU	2. Eva Laastad	23/24	KU
Britt Julusmoen Bakk	23/24	Tilsette			

LOKAL VALNEMND ÅRDAL/LÆRDAL

MEDLEMER			VARAMEDLEMER		
Sigmund Solvoll	22/23	KO	1. Egil Natvik Vestrheim	23/24	KU
Per Olav Lerøy	22/23	KU	S. 2. Krister Solheim	23	Tilsette
Catrin Sandnes	23/24	Tilsette			

LOKAL VALNEMND VIK

MEDLEMER			VARAMEDLEMER		
Marta Sofie Vange	22/23	KO	S. 1. Kirsten Asheim	23/24	Tilsette
Arnstein Hove	23/24	KU	2. Per Aase	23	KU
S. Britt Helland	22/23	Tilsette			

Forkortingar

Kommunevald	KO	Aurland kommune	A
Kundevald	KU	Lærdal kommune	L
Eigenkapitalbeviseigarvald	Ekbevis	Årdal kommune	Å
Tilsettevald	Tilsette	Vik kommune	V
Styremedlem	Styrem.		
Suppleringsval	S		



Styret, utval og verv

20.04.2023

STYRET

MEDLEMER			VARAMEDLEMER		
Atle Terum	23/24	A	Lars Loven	23/24	A
Kristine Grønner Ohnstad	22/23	A	Vibeke Rinde	22/23	Å/L
Kåre Mentz Lysne	22/23	Å/L	Gyda Bøthun	22/23	V
Marit Røyrvik Eldegard	23/24	Å/L	1. Geir Stadheim Totland	22/23	Ekbevis
Olav Vikøren	23/24	V	2. Vilde Wergeland	23/24	Ekbevis
Grethe Hjetland	22/23	V	Robert Haugen	22/23	Tilsette
Sindre Wergeland	23/24	Ekbevis			
Marianne Sundal	22/23	Tilsette			
Halvor Larsen	23/24	Tilsette			

VERV

GENERALFORSAMLING					
Leiar Roy Egil Stadheim	22/23	KO/V	Nestleiar Jarle M. Teigen	23/24	EK

VALNEMND § 5-1	
Leiar Marta Sofie Vange	22/23

Nøkkeltal

Nøkkeltal

For øvrig informasjon, sjå banken sin APM for 2023.

Forholdstal

Forholdstal er annualisert der anna ikkje er spesifisert	Note	2023	2022
Utvikling siste 12 månader			
- Forvaltningskapital endring %		**7,11 %**	0,05 %
- Utlån brutto eiga bok	7	**7,27 %**	2,67 %
- Utlån brutto inkl. Eika Boligkreditt AS	7	**4,68 %**	1,18 %
- Innskot	37	**5,24 %**	2,27 %
Kapitaldekning	4	**24,25 %**	24,76 %
Kjernekapital	4	**24,25 %**	24,76 %
Rein kjernekapital	4	**24,25 %**	23,66 %
Rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital		**2,40 %**	1,80 %
Resultat før skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital		**1,43 %**	1,13 %
Resultat før andre inntekter og kostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital		**1,13 %**	0,90 %
Eigenkapitalrentabilitet før skatt		**9,90 %**	8,34 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt		**7,88 %**	6,61 %
Kostnader i % av totale inntekter		**50,24 %**	51,19 %
Kostnader i % av totale inntekter ekskl. kursvinst/-tap		**52,71 %**	52,77 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (mill. kroner)		**7.507.060**	7.457.488
Misleghaldne engasjement i % av netto utlån og fordringar til amortisert kost		**2,11 %**	0,47 %
Tapsutsette engasjement i % % av netto utlån og fordringar til amortisert kost		**0,55 %**	0,53 %
Tal årsverk		**38,2**	35
Eigenkapitalbevis			
Børskurs[1]	40	**162**	134
Børsverdi (mill. koner)[2]		**102.465**	84.755
Resultat andel pr. eigenkapitalbevis[3]	41	**18,09**	14,36
Framlegg til utbytte[4]	41	**15,00**	10,00
[5]Børskurs/ bokført eigenkapital pr. eigenkapitalbevis tilordna banken sine eigenkapitalbeviseigarar		**0,68**	0,64
Bokført eigenkapital pr. eigenkapitalbevis[6]		**238**	210

[1]Sist omsett kurs Oslo Børs i året
[2]Sist omsett kurs Oslo Børs i året * tal aksjar
[3]Resultat avordinær drift etter skatt/tal eigenkapitalbevis, tilordna banken sine eigenkapitalbevis eigarar
[4]Framlegg til utbytte
[5]Børskurs/ resultat pr. eigenkapitalbevis tilordna banken sine eigenkapitalbeviseigarar
[6]Bokført eigenkapital pr. eigenkapitalbevis, tilordna banken sine eigenkapitalbeviseigarar